

# Årsrapport 2023

Bjørgvin biskop og bispedømeråd



Ragnhild Jepsen vart vigsla til biskop i Bjørgvin 16. april. Foto: Gyrid Cecilie Nygaard



DEN NORSKE KYRKJA

# Meir himmel på jorda


Den norske kyrkja er ei vedkjennande open, tenande og misjonerande folkekyrkje, som vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og von i Jesus Kristus.



Den norske kyrkja strategi for 2022-2029	Kyrkja opnar rom for tru 3.B.1	Kyrkja er der livet vert levd 3.B.2	Kyrkja er meir for fleire 3.B.3
Kyrkja for den enkelte	Forkynner ev angeliet til menneske gjennom heile livet <b>3.B.1.1</b>	Styrker kyrkja som kulturaréna og forvaltar av kulturav for alle generasjonar <b>3.B.2.1</b>	Gjev tilhørsle og skapar gode møteplassar og fellesskap fysisk og digitalt <b>3.B.3.1</b>
Kyrkja i samfunnet	Fremjar verdiar som utfordrar og som byggjer eit godt samfunn for alle <b>3.B.1.2</b>	Bidreg til å verkeleggjere berekraftsmåla– lokalt, nasjonalt og globalt <b>3.B.2.2</b>	Motverkar utanforskap og utforskar nye måtar å vere kyrkje på <b>3.B.3.1</b>
Kyrkja som organisasjon	Styrker gjennom si organisering ei levande og nærværende folkekyrkje <b>3.B.1.3</b>	Samhandlar med organisasjonslivet, andre trus- og kyrkjessamfunn, offentlege, private og ideelle aktørar <b>3.B.2.3</b>	Skapar ein mangfaldig, rekrutterande og inkluderande arbeidsplass og frivilligarena <b>3.B.3.2</b>



## Bjørgvin bispedøme



Offentleg versjon 27. mai 2024.

Rapporten er basert på førebelse tal frå SSB, kvalitetssikra pr. 15. mars. Endelige offisielle tal for 2023 kjem i juni 2024.

# Innhald

I: Tilstandsrapport frå leiarane .....	6
II: Introduksjon til bispedømet og hovudtal.....	8
Organisasjonsstruktur/organisasjonskart .....	9
2 A. Nøkkeltal for bispedømet pr. 31. desember 2023.....	10
Inn- og utmeldingar.....	10
2 B. Volumtal 2017-2023.....	11
III: Aktivitetar og resultat i 2023 .....	12
3 A. Utvalde nasjonale resultatmål – Bjørgvin .....	12
3 B. Omtale av resultat og måloppnåing .....	13
3.B.1. Kyrkja opnar rom for tru.....	13
3.B.1.1. Forkynner evangeliet til menneske gjennom heile livet.....	13
3.B.1.1.1 Gudstenestelivet.....	13
Nattverd.....	14
Forsøk med gudstenester .....	14
3.B.1.1.2 Samisk språk i gudstenester.....	17
3.B.1.1.3 Kyrkjeloge handlingar .....	17
Dåp.....	17
Konfirmasjon.....	18
Vigsler .....	19
Gravferder .....	19
3.B.1.1.4. Ungdom og unge voksne.....	19
Ungdomsdemokrati.....	21
Gudstenester for ungdom .....	22
3.B.1.1.5 Trusopplæring .....	22
3.B.1.2. Fremjar verdiar som utfordrar og som bygger eit godt samfunn for alle .....	28
3.B.1.2.1. Kyrkja i det offentlege rommet .....	28
3.B.1.2.2. Samhandling med trus- og livsynssamfunn.....	29
3.B.1.3. Styrker gjennom si organisering ei levande og nærverande folkekirkje.....	30
3.B.1.3.1. Rekruttering .....	30
3.B.1.3.2. Kyrkjearganisasjonen .....	30
Demokratisk organisasjon.....	30
3.B.1.3.3. Kompetanseutvikling .....	31
3.B.2. Kyrkja er der livet blir levd .....	31
3.B.2.1. Styrker kyrkja som kulturarena og forvaltar av kulturarv for alle generasjonar .....	31
3.B.2.1.1. Konserter og kulturrangement .....	32
3.B.2.1.2. Kulturarv .....	33

Opne kyrkjer .....	33
Pilegrimsarbeidet .....	33
3.B.2.1.3. Samarbeid med skular og andre om kulturarv .....	34
Skule- og barnehagegudstenester .....	34
3.B.2.2. Bidrar til å verkeleggjera berekraftsmåla - lokalt, nasjonalt og globalt.....	35
3.B.2.2.1. Diakoni .....	35
3.B.2.2.2. Menneskeverd og vern om skaparverket .....	36
Vern om skaparverket – grøne kyrkjelydar.....	36
FNs berekraftsmål .....	37
3.B.2.2.3. Klima og miljøarbeid .....	37
3.B.2.3. Samhandlar med organisasjonslivet, andre trus- og kyrkjesamfunn, offentlege, private og ideelle aktørar .....	37
3.B.2.3.1. Misjon .....	37
Misjon og vennskapssamarbeid.....	37
3.B.2.3.2. Vennskapsbispedøme .....	38
3.B.2.3.3. Samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonar .....	39
3.B.3 Kyrkja er meir for fleire .....	40
3.B.3.1.1. Digital kyrkje .....	40
3.B.3.1.2. Universell utforming og inkludering .....	41
Inkluderande kyrkjeliv .....	41
3.B.3.1.3. Kyrkjelydsbygging - møteplassar og fellesskap.....	42
3.B.3.1.4 Frivillig teneste .....	43
3.B.3.1.5. Fellesskap for nye i Noreg og flyktningearbeid .....	44
3.B.3.1.6 Nyskaping og innovasjon .....	45
3.B.3.1.7. Kyrkja er synleg i lokalsamfunnet .....	45
3.B.3.1.8. Digitale verktøy .....	46
3.B.3.1.9 Deltaking i kriseteam og beredskapsråd .....	46
3.B.3.2. Skaper ein mangfaldig, rekrutterande og inkluderande arbeidsplass .....	46
3.B.3.2.1. Trivsel og arbeidsfellesskap.....	46
Presteteneste .....	47
3.C. Mål på område innanfor biskopens verksemd .....	48
3.C.1 I biskopens sokelys .....	48
3.C.2 Forvaltning av saker knytt til kyrkjeordning for Den norske kyrkja .....	49
IV: Styring og kontroll i verksemda .....	50
Overordna vurdering av verksemda si styring og kontroll.....	50
4.A. HMT/Arbeidsmiljø .....	51
Andre tiltak .....	52
4.B. Likestilling .....	54

4.C Vurdering av internkontroll .....	55
V: Vurdering av framtidsutsikter.....	56
VI: Årsrekneskapen .....	58
6. 1 Leiingskommentarar .....	58

# I: Tilstandsrapport frå leiatarane

---

**Kort intro om denne “årsrapporten”:** Bispedømerådet skal frå 2024 ikkje levere årsrapport til Kyrkjerådet. Denne årsrapporten er difor skrive til bispedømerådet og andre organ i Bjørgvin bispedøme, som hjelpt til å reflektere over “kva er dei gode strategiske vala for dei neste åra”.

Difor er underskrivar stiftsdirektør, der ein tidlegare har levert årsmelding til Kyrkjerådet, underskriven av rådsleiar og biskop.

Det er mykje å glede seg over i Bjørgvin bispedøme. Det skjer mykje godt arbeid kvar veke i alle kyrkjelydane! Noko av dette kan ein måle i tal, men mykje handlar om kvalitet i møte mellom folk og kyrkje, i både kvardag, sorg og fest.

For bispedømet sin del, var 2023 prega av skifte av biskop. Det var vigslig 16. april og biskop Ragnhild hadde ein omfattande tur til alle prostia sommaren og hausten 2023. Samlingane for tilsette og frivillige hadde som mål å motivere og bygge lag. Biskopen lytta til stabane som presenterte nokre sider ved det lokale arbeidet og ho blei godt kjent med mangfaldet i bispedømet.

Bispeskiftet var også med på å bygge lag med ulike samarbeidspartnarar og samfunnsaktørar. Det gjev og høve til å sjå på relasjonar og arbeidsmåtar på nytt.

Året 2023 vart og prega av rekrutteringsutfordingane og strammare økonomiske rammer. Mykje tid og energi går med på å prøve å fylle opp med vikararar og andre løysingar der det er vakansar. Dette tek og leiarkraft vekk frå meir strategisk og langsiktig tenking. På bakgrunn av dette har bispedømerådet starta eit arbeid med å sjå på ressursfordeling og nye arbeidsmåtar. Det er samstundes slik at i hovudsak er situasjonen stabil og i god drift, og dette er det viktig at ein og gjev merksemd, slik at ein ikkje lagar eit bilde av at der ikkje er ressursar eller folk.

Vi kan glede oss over gode tal på deltaking i konfirmasjon, og alt det gode som skjer i St. Jakob er verd å løfte fram. Bispedømet har hatt satsing på desse områda i over 11 år, og det er difor gledeleg at det og syner seg å gje gode resultat. Systematisk arbeid og ikkje minst langsiktig vilje frå bispedømerådet til å prioritere har vore heilt naudsynt for å kome dit.

Vi nærmar oss 2019-tal på mange område, men utfordringa med å kome tilbake dit er stor. Til dømes har gudstenestedeltakarar auka med 1,1% frå 2022 til 2023, men er framleis 19% under 2019-nivå og besøket på julekvelden ser ut til å ha stabilisert seg på 28% under 2019-nivå.

Det er gledeleg at tal på konfirmasjon og gudstenestebesøk er positive. Etter ein topp i 2022 er det ein nedgang i dåpstal og vigslar i 2023.

Talet på kor mange som vel kyrkjeleg gravferd er ganske stabilt. Dette er indikatorar som samla gjev grunnlag for å tenke at kyrkja står sterkt i Bjørgvin. Medlemsundersøkinga som sist vart gjennomført i 2023 understrekar at medlemmane i stort er nøgd med kyrkja si, og med dei tenestene dei får i ulike møtepunkt.

Konfirmasjonstala hadde nokre stader ein liten negativ tendens i 2022, men med betre tal i 2023. Dette har vi hatt merksemd på i fleire år, og har difor sett inn fleire tiltak over tid. Mellom anna med prosjektet “Saman”. Bispedømet har og i 2023 nytta unytta tilskotsmidlar og midlar frå vakansar i prestestillingar svært aktivt inn mot ei omfattande satsing på arbeid med konfirmantar og eldre ungdom. Vi trur at dette på lang sikt er heilt avgjerande for rekruttering og oppslutning rundt kyrkja.

Talet på frivillige (uløna medarbeidarar) gjekk ned under pandemien og er på veg opp, men er framleis 10% under 2019. Bispedømet har hatt dette som særleg satsingsområde, men har ikkje lukkast heilt med å arbeide systematisk og langsiktig saman med kyrkjelydane på dette området. Systematisk arbeid med oppfølging av unge leiarar, rådsmedlemmar og frivillige i stort må bli betre.

Mangfald kan være ein ressurs for å synleggjere at det er rom for ulike folk, for ulike meininger og for ulike uttrykk. Bjørgvin bispedøme har hatt "saman" som del av sin visjon i lang tid, det er ein visjon som forpliktar og som utfordrar. Det har vore arbeidd godt over lang tid med å sikre ei open og inkluderande kyrkje. Ikkje alt av dette arbeidet er synleg. Det skjer mykje godt arbeid med administrasjon, personale eller praktisk tilrettelegging som ikkje må bli undervurdert i eit samla bilde. Det arbeidet fellesråd og bispedømet gjer er viktig for å understøtte det arbeidet som skjer lokalt. Det er brukt mykje tid og ressursar på å finne ein modell for kyrkjeleg organisering. Når dette landa slik det gjorde i 2023, vil vi håpe at vi kan nytte dei samla ressursane på ein best mogleg måte framover til vekst i dei lokale kyrkjelydane.

Bergen, 21. mai 2024

Jan Ove Fjelltveit

Stiftsdirektør

## II: Introduksjon til bispedømet og hovudtal

---

Bjørgvin bispedøme er del av det nasjonale rettssubjektet Den norske kyrkja og rapporterer til Kyrkjemøtet/Kyrkjerådet

Bjørgvin bispestol var frå fyrst av knytt til Selja, og 950 års-jubileet vart markert i 2018. Bispedømerådet har 10 medlemer som saman med dei andre bispedømeråda utgjer Kyrkjemøtet.

Mynde og ansvarsområde for biskop og bispedømerådet følgjer mellom anna av lov om tros- og livssynssamfunn, kyrkjeordninga for Den norske kyrkja, tenesteordning for biskop, økonomi- og verksemdsinstruksen og tildelingsbrevet frå Kyrkjerådet.

Bispedømet blir leia av to organ – biskopen og bispedømerådet med felles administrasjon i Bergen.

Bispedømerådet skal ha si merksemd på alt som kan bli gjort for å vekke og nære det kristelige livet i kyrkjelydane. Rådet skal òg fremje samarbeid mellom dei enkelte sokneråd og andre lokale arbeidsgrupper innan bispedømet. Bispedømerådet fordeler statlege tilskot til trusopplæring og særskilte stillingar innan kyrkjeleg undervisning og diakoni.

Bispedømerådet kan opprette og legge ned stillingar innanfor tildelt ressursramme. Bispedømerådet hadde fram til utgangen av 2023 ansvar for å tilsetja prostar, kyrkjelydsprestar, studentprestar og fengselsprestar. Frå 2024 vil tilsetjingar skje i eit tilsettingsråd der prosten, ein representant for stiftsdirektøren, ein representant for soknerådet og ein tenesterepresentant for prestane er med. Bispedømerådet vil framleis tilsetje prostar. Bispedømerådet arbeidsgjevar for dei tilsette på bispedømekontoret.

Biskopen leier prestetenesta og har tilsynsansvar med kyrkjelydane og tilsette.

Bispedømerådet og biskopen har lagt til grunn dei mål og føringar som er gitt av Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet. Visjonsdokumentet og årsplan for Bjørgvin bispedøme ligg også til grunn for verksemd og aktivitetar.

Visjonen for Bjørgvin bispedøme er «Saman vil vi ære den treeinige Gud – ved å forkynne Kristus, byggje kyrkjelydar og fremje rettferd».

Kyrkja er ein møteplass og ein stad for engasjement. Desse områda er mest synlege:

- Gudstenester og kyrkjelege handlingar
- Dåp, trusopplæring og undervisning
- Diakoni
- Kyrkjemusikk og kultur
- Pilegrim
- Misjon

Bjørgvin bispedømeråd har som mål å ha medarbeidarar som har glede i tenesta, med gode rammer og høg kompetanse. Bjørgvin bispedømeråd ønskjer at folkekirkja skal vera ei tydeleg til stades både i byar, tettstadar og grisgrendte strok av bispedømet.


I Bjørgvin bispedøme var det pr. 31. desember 2023 176 sokn med tilhøyrande sokneråd<sup>1</sup>. Det er 43 kommunar og med det 43 kyrklege fellesråd. Bispedømet har nært samarbeid med frivillige, kristelege organisasjonar og har eit formelt samarbeid med misjonsorganisasjonane gjennom SMM (Samarbeidsråd for menighet og misjon).

I bispedømet er det 11 prosti som kvar for seg er tenesteområde for prestane. Dei andre kyrklege tilsette har i hovudsak fellesrådet som arbeidsgjevar.

I Bjørgvin bispedøme er det pr. 31.12.23 tilsett prestar, prostar og biskop i 171 årsverk, av desse er 152,5 årsverk i kyrkjelydspresteteneste. Ved bispedømekontoret er det tilsett 19 personar i 16,3 årsverk, av desse er to vakante ved årsskiftet. I tillegg til dette har to medarbeidarar på kontoret Felles økonomieining for Den norske kyrkja som arbeidsgjevar.

Bjørgvin bispedøme er geografisk samanfallande med Vestland fylke med til saman 650 482 innbyggjarar. Bergen er den største byen, med 291 680 innbyggjarar. Bjørgvin er mellom dei bispedøma der delen av innbyggjarar som er medlemer (døypte) av Den norske kyrkja er høgast. 69,0 prosent er kyrkjemedlemer i Bjørgvin mot 62,6 prosent i snitt for heile landet.

## Organisasjonsstruktur/organisasjonskart



<sup>1</sup> Aurland har felles sokneråd for fire sokn som har felles statistikk, så i praksis er det 173 eininger.


## 2 A. Nøkkeltal for bispedømet pr. 31. desember 2023

Prosti	Sokn	Medl. (døypte) 2023	Inn- byggjar- tal 2023	Med- lems- prosent 2023	Inn- melde	Ut- melde	Endringar i medi.tal siste fem år	Endringar i medi.tal 2022-2023
Bjørgvin (11 prosti)	176	448756	650482	69,0%	460	2074	- 3,10 %	- 0,70 %
Bergen * domprosti	6	42234	74225	56,9%	49	305	- 1,04 %	- 5,17 %
Fana	7	71653	105852	67,6%	78	399	- 0,75 %	- 0,54%
Åsane	11	49098	72183	68,0%	52	233	- 3,71%	- 0,53%
Bergens- dal	9	44465	78792	56,4%	58	303	- 2,25 %	- 0,35 %
Sunn- hordland	23	46085	60515	76,2%	52	176	- 3,01 %	- 0,72 %
Nord- hordland	13	28922	38402	75,3%	32	79	- 1,93 %	- 0,73 %
Vest- hordland	10	50635	69860	72,5%	43	239	- 1,18 %	- 0,51%
Hardanger og Voss	27	33678	44353	75,9%	22	100	- 3,89 %	- 0,84 %
Sogn	26	22606	29371	77,0%	24	64	- 4,09 %	- 0,82 %
Sunnfjord	17	35195	45345	77,6%	23	93	- 4,06 %	- 1,00 %
Nordfjord	27	24185	31584	76,6%	21	77	- 8,18 %	- 1,08 %

Kjelde: Medlemsregisteret for Den norske kyrkja og Kirken i tall.

\* Samla tal for Bergen by er 178709 medlemmer av 291680 innbyggjarar, 61,3% medlemsprosent

### Inn- og utmeldingar



Talet på både innmeldingar og utmeldingar er litt over 2022-nivå. Ser ein på når i livet menneske tar avgjerd om innmelding og utmelding er det i alderen 20-30 og 45-55. Det er aldersgrupper som ein har kontakt med gjennom studentarbeidet og arbeidet for unge vaksne i St. Jakob i Bergen og gjennom konfirmantforeldrearbeidet.

## 2 B. Volumtal 2017-2023

	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	Endring siste år
<b>Dåpshandlingar</b>	4448	4238	4073	3514	3879	4081	3624*	-11,2 %
<b>Døypte</b>	4355	4107	3984	3435	3798	3954	3578*	- 4 %
<b>Del døypte av fødde</b>			59 %	53 %	56 %	62 %	59,5 %	- 2,5 prosent-poeng
<b>Konfirmerte</b>	5254	5215	5108	4942	4877	4730	4844	+2,4 %
<b>Kyrkjelege vigsler</b>	885	842	748	558	596	948	788	-16,9 %
<b>Kyrkjelege gravferder</b>	4190	4228	4214	4189	4247	4683	4386	- 6,3 %
<b>Gudstenester totalt</b>	8252	8375	8161	6797	7486	7793	7557	-3,0 %
<b>Gudsteneste-deltakarar totalt</b>	744375	734833	722416	320596	348364	576395	582864	+1,1 %

\* Dåpstala per 31.12.23 i Medlemsregisteret (MR), oppdatert 13.01.24, kan vera for låge på grunn av etterregistreringar i følgje Kyrkjerådet. Tidlegare år har dei førebels tala har vist seg å vera om lag 4% for låge.

# III: Aktivitetar og resultat i 2023

## 3 A. Utvalde nasjonale resultatmål – Bjørgvin

Strategiske mål	Resultatmål	
<b>Forkynner evangeliet til menneske gjennom heile livet</b>	Oppretthalde talet på deltagarar i gudstenester	Gjennomsnitt sundag går opp frå 73 til 75. 
	Fleire kyrkjelydar inkluderer samisk språk i gudstenesta	10 sokn rapporterte om gudstenester med samisk innslag. Dette er 8 mindre enn i 2022. 
	Oppslutninga om kyrkjelege handlingar blir halden oppe	Det er berre talet på konfirmerte som auka i 2023. 
	Born og unge lærer om kyrkje og tru	Deltakardel i utvalde, landsomfattande tiltak auka frå 45 til 49 %. 
	Oppslutninga om dåp vert halden oppe	Talet på døypte og del døypte av fødde i høve til 2022 gjekk ned. 
	Auke i omfanget av trusopplæringstilbod	Snitt timetilbod i kyrkjelydane har gått opp frå 221,6 til 232,9 timer. Høgast nokon gong. 
	Oppslutninga om konfirmasjon vert halden oppe	85 % av døypte 15. åringar som blir konfirmerte. (84 % i 2022). 
<b>Styrker gjennom si organisering ei levande og nærverande folkekyrkje</b>	Rekruttering til kyrkjelege stillingar vert styrka	Det vart lyst ut 31 stillingar i 2023. 49 søknadar er ein auke frå 2022 (37 søkn.) 
	Styrka kompetanseutvikling	1018 gjennomførte e-læringskurs, 186 i 2023. 
<b>Styrker kyrkja som kulturarena og forvaltar av kulturarv for alle generasjonar</b>	Vekst i talet på deltagarar på konsertar og kulturarrangement	Det er auke i talet på deltagarar frå 163676 til 174471. Det er framleis mindre enn i 2019 (200913). 
	Styrke og fornye kyrkjeleg kulturarv nasjonalt og lokalt	Talet på sokn med opne kyrkjer gjekk ned frå 85 til 71, men talet på dagar med opne kyrkjer aukar framleis, frå 2383 til 2566. 
<b>Bidrar til å verkeleggjera berekraftsmåla - lokalt, nasjonalt og globalt</b>	Fleire kyrkjelydar med diakonal satsing	Talet på sokn med diakonal betening er auka frå 76 til 83 det siste året. 
<b>Motverkar utanforskap og utforskar nye måtar å vera kyrkje på</b>	Fleire kyrkjelydar tilbyr fellesskap til nye i Noreg	Kyrkjelydar som har integrerings-arbeid for innvandrarar har auka frå 38 til 44. 
	Arbeidet med religionsdialog blir styrka	Kirkelig dialogsenter Bergen opplever å måtta velja bort mykje dialogarbeid på grunn av trонge økonomiske kår. 
	Tilbod for unge i kyrkjelydane blir styrka	Leiarkurs 13 – 17 år har ein reduksjon i deltagarar på 45 %, 18-30 år 50 %. Andre tilbod for aldersgruppa 18-30 år viser ein liten nedgang det siste året. 

<b>Skaper ein mangfaldig, rekrutterande og inkluderande arbeidsplass og arena for frivillige</b>	Kyrkjelege medarbeidrarar trives i jobben	Samla sjukefråvær for prestane og adm. er 2,91 % , 5,52 % for presteskapet åleine. Dette er ein reduksjon i høve til 2022.	
	Fleire vert engasjerte i frivillig teneste i kyrkja	Tal på frivillige aukar frå 10359 til 10876.	
	Kyrkja sine verktøy for digital samhandling vert utnytta	Talet på kyrkjelydar som nyttar skjerikyrkja.no: 126 sokn og 14 fellesråd.	
	Kyrkja sitt digitale nærvær aukar	Vi manglar statistikk for nettsidene, men følgjarar på facebook aukar.	
	Samarbeidet mellom kyrkje og skule blir styrka.	Tal på skulegudstenester gått opp frå 370 til 380. Det er mindre enn i 2019 (421).	

## 3 B. Omtale av resultat og måloppnåing

### 3.B.1. Kyrkja opnar rom for tru

#### 3.B.1.1. Forkynner evangeliet til menneske gjennom heile livet

##### 3.B.1.1.1 Gudstenestelivet

**Resultatmål: Oppretthalde talet på deltakarar i gudstenester**

**Indikator: Gudstenestedeltaking/frekvens (SSB)**

	2018	2019	2020	2021	2022	2023	Endring siste år
<b>Gudstenester totalt</b>	8375	8161	6797	7486	7794	7557	-3,0%
<b>Gudsteneste-deltakarar totalt</b>	734833	722416	320596	348364	576395	582864	+ 1,1%
<b>Gjennomsnitt tot</b>	88	89	47	46	74	77	+ 4.1%
<b>Søn- og helgedags-gudstenester</b>	6419	6356	5394	6082	6042	5834	- 3,4%
<b>Deltakarar søn- og helgedags gudst</b>	583734	573070	265726	284141	444171	437003	-1,6%
<b>Gjennomsnitt søn- og helgedagsgudst.</b>	91	90	49	47	73	75	+2,7%
<b>Andre Gudstenester</b>	1956	1804	1403	1404	1752	1723	-1,7%
<b>Deltakarar andre gudstenester</b>	151099	148036	54870	64223	132224	145861	+10,3%
<b>Gjennomsnitt andre gudstenester</b>	77	82	39	46	76	85	+11,8%

Etter at talet på fysiske gudstenester totalt gjekk ned med 17 prosent under pandemien fra 2019 til 2020 ser ein at talet for 2023 har stabilisert seg mellom nivået fra 2021 og 2022 slik at ein her gått ned 3% fra 2022 og ligg 7% under nivået for 2019. Det er talet på søndagsgudstenester som har gått mest ned med 3,4% medan andre gudstenester har gått ned 1,6%.

Deltakartalet har ikkje gått tilsvarande ned, det er totalt ein auke på 1,1% (19% under 2019-nivå) der søndagsgudstenester har gått ned 1,6% medan andre gudstenester har gått opp 2,7%. Gjennomsnittleg gudstenestebesøk har gått opp frå 73 i 2022 (90 i 2019) til 77 og andre gudstenester frå 76 i 2022 (82 i 2019) til 85.

Domprosten melder: «*I år vil vi trekke frem noen gledelig tall. Bergen domkirke menighet som omfatter hele sentrum av Norges nest største by, har økt antall deltagere på sine hovedgudstjenester. Totalt deltar 22412 på menighetens hovedgudstjenester. Ser vi på tall fra 2015-2022, er 2023 det beste året i Bergen domkirke menighet. Årsaken til denne økningen er ti års strategisk satsing i St Jakob. I løpet av året har det vært 6240 tilstede på de 40 søndagsgudstjenestene i St Jakob. Det gjør St Jakob til den største forsamlingen i domprostiet, med et snitt på 154 deltagere på hver gudstjeneste. 28% av våre gudstjenestedeltagere er i år mellom 20 og 30 år! Antallet eldre som søker til våre hovedgudstjenester har minket, mens antallet unge har økt radikalt. Når vi vet at St Jakob også driver et fantastisk arbeid hele uken igjennom er det grunn til å fremheve følgende: a) Målrettet og strategisk arbeid over tid er helt avgjørende og bærer frukter. b) Å drive menighetsbyggende arbeid der fellesskap og frivillighet står i fokus, svarer til et behov hos dagens unge mennesker.*»

## Nattverd

	2018	2019	2020	2021	2022	2023	Endring siste år
Gudstenester med nattverd	4485	4474	2384	2925	3722	3705	-0,5%
Nattverdsdeltakarar	157086	157020	70309	72590	113284	125376	10,7%
Gj.snitt nattverddeltaking	35,0	35,1	29,5	24,8	30,4	33,8	11,2%

Talet på nattverddeltakarar har gått opp 10,7% siste år sjølv om det var 0,5% færre nattverdsgudstenester. Gjennomsnittleg deltagarar er gått opp til 33,8, men det ligg 3,7% under 2019-nivå. Talet på nattverdgudstenester ligg 17% lågare enn 2019-nivå og nattverddeltakarar 20% under. Når gjennomsnittleg gudstenestedeltaking har gått opp 4% og nattverddeltaking 11,2% kan det tyda på at dei fleste kyrkjevante som er flittigare nattverdsgjester er kome tilbake, men ein del er blitt borte eller går sjeldnare sidan 2019.

## Forsøk med gudstenester

Fleire av prostane melder i årsmeldinga at det er gjort endringar i gudsteneste-tidspunkt og gudsteneste-type.

Døme frå Domprostiet: Nysatsingen i Nykirken.

«*Vi har flyttet hovedgudstjenestene til torsdag kveld. Kirken er åpen med drop-in-dåp før kveldsgudstjenesten og etter gudstjenesten har vår kantor Karsten Dyngeland startet kor. En lørdag i måneden er det åpent hus for Nordnes-beboere. Vi erfarer at torsdag-gudstjenestene er bedre besøkt enn søndagsgudstjenestene vi tradisjonelt hadde. Koret er*

*godt besøkt og opptil 100 kommer innom vår lørdagskirke. Lungegården kulturarena bruker kirken til øvelser og konserter når menigheten ikke har behov. Bruken av Nykirken har dermed økt betraktelig. Det skal bli spennende å følge dette prosjektet videre.»*

Døme frå Gloppen i Nordfjord prosti: Generasjonsgudsteneste.

*«Soknepresten og soknerådet ville har meir "varierte, relevante og involverande gudstenester". Resultatet er «Generasjonsgudsteneste» i Sandane arbeidskyrkje som blir førebuett meir omfattande mellom tilsette og frivillige, og syner samanhengen mellom strategi, kvalitet og medarbeidarar som er villige til å bruke mykje tid på satsinga.*

*Soknepresten skriv: «Vi har nesten 50 medarbeidarar i ulike aldersgrupper som medverkar på gudstenester, nokon skriv bøner, andre er med i faste ledd, ynskjer velkommen, les eller er nattverdmedhjelpar. Vi prøver å ha ein raud tråd frå folk kjem til det er slutt med kyrkjekaffi. Er oppteken av at barn skal involverast, men og at alle generasjonar skal vere saman om oppgåver. Vi har lukkast med variasjon og uttrykk og bønevandringa med nattverd er sentral i gudstenestefeiingen. I desse gudstenestene har snittet vore 127 deltagarar og 76 til nattverd. Det er fleire enn i «vanlege» søndagsgudstenester, samstundes er det tydeleg at det er fleire til gudsteneste enn talet på nattverdsgjester. Vi tolkar det som eit uttrykk for at det er trygt å få kome og uttrykke sin «tru» utan å skulle gå til nattverd. Generasjonsgudsteneste har fått gjennomslag som eit nemning og at gudstenesteforma rommar alle generasjonar.»*

Døme frå Sogn prosti: Prosjekt påske

Sokna i Sogndal (unnateke Balestrand) gjennomførte påsken 2023 «Prosjekt påske», der ein for kvar ny gudstenestedag kom saman i ei ny kyrkje, og at kvar av desse gudstenestene var ei felles-gudsteneste for alle sokna. Prosjektet er planlagt gjenteke i 2024, før ei meir grundig evaluering.

### *Høgtidsfeiring – Er eit tradisjonsskifte på gang?*


For å få eit betre bilete av tendensar er det nyttig å sjå på gjennomsnittet på normale søndagsgudstenester halde opp mot deltaking julekvelden.

Deltaking i julehøgtida har vore i svak nedgang frå eit gjennomsnitt på 252 i 2011 til 222 i 2019. Det betyr 12% nedgang, så tendensen var tydeleg alt før pandemien. Denne nedgangen har vore større enn nedgangen i gjennomsnittleg søndagsgudstenestedeltaking frå 102 i 2011 til 92 i 2019, 10%, noko som kan tyda på at den folkekyrkjelege gudstenestetradisjon står svakare enn før.

Tala for 2023 viser at medan det på ei vanleg søndags høgmesse er 16% færre enn i 2019 før pandemien (gj.sn. 90 i 2019, 75 i 2023), er det på ei gjennomsnittleg julekveldsgudsteneste 30% færre (gj.sn. 222 i 2019, 155 i 2023). Det var i 2023 11 fleire julekveldsgudstenester enn i 2019, men 19725 færre deltagarar. Endringa frå 2022 til 2023 er liten (fleire deltagarar og enno fleire gudstenester som gjev 2 færre i gjennomsnitt), det viser at deltaking på julekveldsgudstenester truleg har stabilisert seg på eit nytt nivå som er 30% lågare enn 2019-nivå. Det tydar på at folk har endra vanar under pandemien og det har kanskje skjedd ei varig endring i høgtidstradisjonane.

Biletet er ikkje eintydig. Det er store variasjonar i bispedømet. Domprostiet, Fana, Bergensdalen og Hardanger og Voss har hatt ein tydeleg auke frå 2022 til 2023, medan Åsane, Sunnhordland har hatt ein liten nedgang, og dei tre prostia i Sogn og Fjordane har større nedgang.

## Julegudstenester og gjennomsnittlig deltaking



Prosti	Julaftan gudstenester			Deltakarar julaftangudstenste			Prosentvis endring 2019-2023 julegudst	Prosentvis endring 2022-2023 julegudst	Prosentvis endring 2019-2023 Deltakarar	Prosentvis endring 2022-2023 Deltakarar
	2019	2022	2023	2019	2022	2023				
Bjørgvin	317	322	328	70460	50615	50735	3,5	0,2	-28,0	0,2
Bergen domprosti	18	17	18	4415	3282	3399	0,0	3,6	-23,0	3,6
Fana	34	38	38	9245	6955	7311	11,8	5,1	-20,9	5,1
Åsane	27	25	26	5741	4110	3998	-3,7	-2,7	-30,4	-2,7
Bergens-dalen	18	21	21	5465	4038	4232	16,7	4,8	-22,6	4,8
Sunn-hordland	44	44	47	10182	7831	7740	6,8	-1,2	-24,0	-1,2
Nord-hordland	32	33	31	5631	3874	3916	-3,1	1,1	-30,5	1,1
Vest-hordland	22	23	23	5934	4085	4121	4,5	0,9	-30,6	0,9
Hardanger og Voss	31	31	36	7127	4512	4792	16,1	6,2	-32,8	6,2
Sogn	27	28	27	4343	3259	3005	0,0	-7,8	-30,8	-7,8
Sunnfjord	37	35	35	6908	4574	4291	-5,4	-6,2	-37,9	-6,2
Nordfjord	28	27	26	5199	4095	3930	-7,1	-4,0	-24,4	-4,0

### 3.B.1.1.2 Samisk språk i gudstenester

#### Resultatmål: Fleire sokn inkluderer samisk språk i gudstenestelivet

##### Indikator: Talet på sokn med samisk innslag i gudstenesta

Ingen kyrkjelydar i Bjørgvin har med samisk i den lokale gudstenesteordninga.

I 2023 var det 10 sokn som rapporterte om gudstenester med samiske innslag (1334 deltagarar) mot 18 i 2022, 8 i 2021, 3 i 2020, 9 i 2019, 9 i 2018, 3 i 2017 og 4 i 2016.

### 3.B.1.1.3 Kyrkjelege handlingar

#### Resultatmål: Oppslutninga om kyrkjelege handlingar vert halde oppe

##### Indikator: Tal på døypte, del døypte av tal på fødde, del konfirmerte av medlemer i kyrkja, tal på vigsler, del gravferder av tal på døde medlemer

Bjørgvin bispedøme sin strategi 1:

Fleire i Bjørgvin vert døypte ved å:

- styrke kyrkjelyden sitt oppsøkjande arbeid med å forkynne evangeliet til tru
- formidle at trua er ei gåve som ein mottek i dåpen
- invitere folk i alle aldrar til å ta i mot dåpsgåva



### Dåp

#### Resultatmål: Oppslutninga om dåp vert halden oppe

Dåp	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Dåpshandlingar	4851	4503	4261	4126	3544	3899	4123	3646*
Dåpskull/fødde	7436	7011	6725	6638	6423	6795	6221	6128
Døypte av fødde	65,2%	64,2%	63,4%	62,2%	55,2%	57,4%	66,3%	59,5%

\*Tal på dåpshandlingar er henta fra oppdatert statistikk fra Årsstatistikken i kyrkjerådet og skil seg frå tal i tidlegare årsmeldingar og frå tal frå medlemsregisteret. Talet på dåpshandlingar i 2023 frå medlemsregisteret (14.02.24) er 3624

Dåpstala for 2023 viser ein nedgang, noko som var venta fordi auken i dåpstala i 2022 var ei innhenting av mange utsette dåp etter pandemien.

Det har vorte gjort tiltak for å auka talet på dåp. Under pandemien var det mykje kreativitet og tilrettelegging rundt dåpen bl.a. fleire dåpsgudstenester, og etterpå har fleire kyrkjelydar prøvd med drop-in-dåp eller laurdagsdåp.

Bispedømet har samarbeidd med BKF om annonsering på kino med «Ulrik filmen» i 2022, det har halde fram hausten 2023. Bergen Domkirke menighet har tilbod om «Drop in» dåp kvar torsdag i Nykirken i samband med kveldsgudsteneste.

## Konfirmasjon

	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	Prosentvis endring 2022-2023
<b>Konfirmerte</b>	5287	5254	5215	5108	4942	4877	4730	4844	+2,4%
<b>Konfirmerte av døypte 15-åringar</b>	92 %	89 %	90 %	87 %	86 %	87%	84 %	85 %	+2,3%
<b>Konfirmerte i prosent av årskullet 15-åringar</b>	71 %	69 %	69 %	66 %	65 %	63 %	60 %	60 %	0%

### ***Del konfirmerte av døypte 15-åringar***

Vi har ei auke frå 84% i 2022 til 85% konfirmantar av dei døypte for 2023. Men det var ei stor nedgang i fjor, så ein ligg litt under nivået frå 2021 (87%).

### ***Bispedømets satsing inn mot konfirmantarbeidet***

For å hjelpe kyrkjelydane med konfirmantarbeidet har bispedømet brukt unytta trusopplæringsmidler og satsa på to tiltak: Prostivise samlingar og samarbeid med KRIK og KFUK-KFUM.

(Meir om ungdomssatsinga og «Strategiske fellestiltak frå bispedømet», sjå kapittel 3.B.1,1,4 Kyrkja skal vera ein meiningsfull arena for ungdom og unge vaksne.)

### ***Prostivise konfirmantsamlingar med «Saman-teamet»***

Også i år har vi hatt prostivise samlingar for konfirmantane.

I Nordfjord, Sunnfjord, Sunnhordland og Norhordland prosti har det vore eit samarbeid mellom KFUK-KFUM, prostiet og bispedømet om dagsleirar, i Operahuset i Nordfjordeid, i Idrettshallen i Gular, i Knarvik kyrkje og på Langevåg på Bømlo.

Her har bispedømet hatt innhaldet, med fellessongar, dans og forkynning, med det såkalla «Samanteamet» Det er eit band med forsongarar som har eit program som i 2023 var det forkynning ved Torfinn Wang eller Thor Haavik. KFUK-KFUM har stått for aktivitetar og det praktiske, og sokna i prostiet har kome med alle sine konfirmantar.

Dette har fungert godt og alle desse prostia ønsker å halde fram med dette også i 2024.

### ***Samarbeid om konfirmantleir med KRIK og KFUK-KFUM***

Vi har og eit samarbeid om KRIK-leir i vinterferien og KFUK-KFUM i haustrferien. Begge leiarane nyttar Framnes vidaregåande skule i Nordhemsund som stad, og det har fungert veldig fint. Begge leiarane er over fire dagar og dei har vore fullteikna med ca 450 med konfirmantar og leiarar.

Vi har ein god dialog med organisasjonane korleis ein kan hjelpe sokna i etterkant til å få til meir ungdomsarbeid. Det er ein føresetnad for vidare samarbeid. Det er ekstra gledeleg at fleire mindre sokn ser ut til å nytta tilbodet.

## Vigsler

	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Tal kyrkjelege vigsler	967	1033	900	882	847	748	558	596	948	788

Talet på vigsler gått ned med 17% etter ein auke på 59% frå 2021 til 2022, som nok skuldast utsette vigsler på grunn av restriksjonar i koronatida. Talet for 2023 er litt over 2019-nivå.

## Gravferder

Tal på gravferder, del gravferder av tal på døde medlemmer.

	2015	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Tal kyrkjelege gravferder	4400	4263	4185	4258	4214	4189	4247	4683	4386
Prosent kyrkjeleg gravferd av døde totalt	91,8	88,6	90,2	90,1	90,9	87,9	87,6	87,4	86,1

Talet på kyrkjelege gravferder er svakt synkande i prosent av døde, med 5,7 prosentpoeng sidan 2015. Siste året er det ned med 1,3 prosentpoeng. Kyrkja har i mange år hatt ein svært sterkt og viktig posisjon i å leggje til rette for kyrkjelege gravferder. I eit samfunn i endring og med større mangfold i kulturell og religiøs bakgrunn er det ikkje unaturleg med nedgang. Likevel er det grunn for å følgje med på utviklinga, spesielt i høve medlemmar og andre naturlege målgrupper for kyrkjeleg gravferd. Der blir utvikla nye og tilpassa tilbod i marknaden, og kyrkja må følgje med på utviklinga og vere relevante for å halde posisjonen sin for framtida.

### 3.B.1.1.4. Ungdom og unge voksne

Bjørgvin bispedøme sin strategi 2:

Kyrkja skal vera ein meiningsfull arena for ungdom og unge voksne der dei kan

- vere – og finne trygge og gode møteplassar
- skape – og bruke sine eigne kulturelle uttrykkformar
- bere - og verte engasjerte for menneskeverd, klima og rettferd
- tru - ved å delta aktivt i gudstenester og fellesskap



**Indikator: Tal på deltagarar på tilbod for 13-17 år, tal på deltagarar 18-30 år (SSB)**

	Deltakarar	Endring siste 1 år
Deltakarar på kontinuerleg tilbod 18-30 år	1 361	-8,96 %
Deltakarar på enkeltarrangement 18-30 år	1 036	-2,26 %
Deltakarar på leiarkurs for 13-17 år	556	-44,90 %
Deltakarar på leiarkurs for 18-30 år	53	-50,47 %

Talet på deltagarar har gått kraftig ned på leiarkurs, mindre på andre tiltak. Dersom dette er korrekte tal, er det grunn til bekymring.

**Tilbod etter konfirmanttida knytt til trusopplæringa**

BD Året etter konfirmasjon	2020		2021		2022		2023	
	Deltage re (sum)	Andel av målgrupp en						
<b>Agder og</b>								
Telemark	200	12 %	238	11 %	238	11 %	277	10 %
<b>Bjørgvin</b>	<b>254</b>	<b>14 %</b>	<b>264</b>	<b>12 %</b>	<b>264</b>	<b>12 %</b>	<b>303</b>	<b>16 %</b>
Borg	370	8 %	376	7 %	376	7 %	246	7 %
Hamar	209	10 %	196	8 %	196	8 %	368	16 %
Møre	74	11 %	190	24 %	190	24 %	106	13 %
Nidaros	91	7 %	207	12 %	207	12 %	123	8 %
<b>Nord-</b>								
Hålogaland	73	5 %	123	7 %	123	7 %	96	8 %
Oslo	362	9 %	481	11 %	481	11 %	389	9 %
Stavanger	193	11 %	239	16 %	239	16 %	172	12 %
<b>Sør-</b>								
Hålogaland	194	13 %	230	10 %	230	10 %	134	10 %
Tunsberg	340	12 %	301	11 %	301	11 %	387	14 %
<b>Totalt</b>	<b>2360</b>	<b>10 %</b>	<b>2845</b>	<b>10 %</b>	<b>2845</b>	<b>10 %</b>	<b>2601</b>	<b>11 %</b>

Vi ser ein auke dei siste fire åra for tiltak etter konfirmanttida og det er ei god trend etter pandemien. Vi ser også at Bjørgvin saman med Hamar har høgst prosent nasjonalt. Det samsvarar med at Bjørgvin ligg nest høgast på konfirmantoppslutning med 85 % rett under Møre (90%)

Vi ser to suksessfaktorar: Leiartrening og samarbeid mellom sokna.

Forsking om leiartrening etter konfirmanttida i kyrkja (frå MF) viser at dette arbeidet er i vekst og fungerar vel så mykje som eit vanleg ungdomsarbeid, som utrustning til å verta leiar. Dette er ei interessant trend som vi har lagt til grunn for den store satsinga vi har på konfirmanttreff i prostia. Der får konfirmantane oppleva å vera del av noko større, samstundes med at vi gjev dei tilbod om å være med også neste år, men da med nokre leiarfunksjonar. Dette er ein god måte å rekruttera til året etter konfirmantida. Fleire og fleire blir med når «Saman-teamet» har kome til dei fredag kveld og hatt samling med 10.klassingane som igjen har hatt ein funksjon som leiarar på dagsleiren.

Samarbeid mellom sokna er og ein suksessfaktor, til dømes hadde vi i Naustdal og Jølster ein felles leir for 10.klassingar med over 30 deltagarar. Eit anna døme på samarbeid mellom sokna er Os og Birkeland som har reist på felles sommarleir. Dette var presentert på prostisamlinga då biskop Ragnhild reiste rundt på sin bli-kjent-runde.

### *«Ung i Bjørgvin» - prosjektet med KFUK-KFUM*

Vi er midt i vårt andre år med pilotprosjektet «Ung i Bjørgvin». Målet er å sjå på korleis ein kan hjelpe bysokna til å få eit berekraftig ungdomsarbeid. Dette er del av strategien til bispedømerådet med å «skape møteplassar der dei unge kan vere, bere, skape og tru».

Eit vidare mål er å arbeida med systematikken i slikt arbeid, for at dette kan koma til nytte i andre sokn i ettertid.

Desse sokna er med på pilotprosjektet etter søknad: Årstad/Fridalen/Landås/Løvstakksiden, Bønes, Skjold, og i løpet av 2024 kjem også Olsvik inn. Camp Vestland konfirmantleir er også ein del av denne satsinga, men det er ikkje ein føresetnad at desse sokna er med på konfirmantleir for å vera med i pilotprosjektet. Det er primært dei tilsette ein har forhalde seg til i kontakten med sokna, men det har òg vore viktig å få samarbeidet forankra i sokneråda. Det kan vera interessant å fylgje dette vidare. Kan ein friviljug organisasjon kunne forløyse noko av det frivillige i soknet? Det har vore meir vanleg dei seinare åra at dei tilsette har ansvaret for det ungdomsarbeidet som finst i soknet. Ein kjem då inn på problemstillingar som kapasitet og arbeidsleiring. I dette pilotprosjektet har vi høve til å kunne sjå om ein organisasjon, i samarbeid med soknerådet, kan drive barne- og ungdomsarbeid utan at dei tilsette må ha heile hovudansvaret. Det å få til tydelege avtalar om samarbeid, og ikkje minst tydelege klargjeringar med dei tilsette og deira arbeidsgjevarar, vil ha mykje å seie for at ein slik måte å arbeide på kan fungere. Det er spesielt når det gjeld arbeid som er knytt til konfirmantane at dette kjem til syne.

Kristin Engeberg er prosjektleiar og direkte kopla til nasjonalleddet i KFUK-KFUM. Ho har ei styringsgruppe med medlemer frå som bispedømekontoret, ein prost og KFUK-KFUM regionalt og sentralt.

### *Unge Vaksne-arbeidet i St. Jakob i Bergen*

Det også i år ein auke i tilbodet for Unge vaksne i Bjørgvin. Mesteparten av denne auken i aktivitet er knytt til at St. Jakob no har funne ei god styringsform og har særskilte medarbeidarar. Det er studentlunsj kvar fredag, då ein òg kan nyta heile bygget som lesesal. Ein har "St.Ja-kor" med ca. 110 medlemer, i tillegg er det er temakveldar, bibelgrupper og gudstenester kvar søndag kveld i studieåret. 34 gudstenester er forordna av biskopen, nokre av desse er dei tidlegare studentgudstenestene og nokre er gudstenester flytta frå Bergen Domkirke. Ca 30 medlemar reiste til Taizé i påska, noko som har ført til at ein har jamlege Taizé-samlingar i kyrkja. Ein har innreidd kyrkja til unge vaksne-arbeidet og har i 2023 nyt godt av den oppgradering av kjøken og kyrkjehjem som vart gjort. Sjå elles eigen rapport for arbeidet i St. Jakob<sup>2</sup>

### **Ungdomsdemokrati**

#### *Ungdomsrådet og ungdomskonferansen Vegkryss*

Bjørgvin har dei siste åra satsa breitt inn mot ungdomsdemokratiet. Ungdomskonferansen Vegkryss er ei satsing for å vekka til liv ungdomsdemokratiet i Bjørgvin, men samtidig også for å vera til inspirasjon og styrking for ungdomsleiar frå heile bispedømet. Denne kombinasjonen har vist seg å fungera godt. Fleire kyrkjelydar valde å bli med på Vegkryss

---

<sup>2</sup> [St. Jakobs årsrapport 2023 – St. Jakob Kirke \(stjakob.no\)](http://stjakob.no)

som ein inspirasjon for leiarmiljøet i kyrkjelyden. Vegkryss vart gjennomført 20-22.8.2023 med 72 deltarar frå sju ulike prosti.

I 2023 hadde vi eit engasjert ungdomsråd og dei fleste vart attvalt. Denne satsinga krev at me tilsette er tett på dei unge og lyttar oss inn på tankane deira for det lokale arbeidet til kyrkja og satsing på ungdom.

Det vart utvikla eit samarbeid med tre andre bispedøme, Agder, Stavanger og Nidaros. Vi samla ungdomsråda våre til felles øvingshelg for demokratisk tenking og øving på debatt, innlegg og komitéarbeid i Kristiansand i juni. Dette var svært nyttig og har gitt gode resultat inn mot forståing og gjennomføring av vårt eige ungdomsting og ikkje minst innsatsen på ungdomsrådsmøta. Leiaren i Ungdomsrådet, Elise Skjærven Ås sit også i den nasjonale ungdomsutvalet og Jannicke Johannesen har sitte i valkomiteen. Bjørgvin bispedøme var godt representert på Ungdommens kyrkjemøte med to delegatar i tillegg til dei to.

### Gudstenester for ungdom

	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
<b>Barne- og ungdomsgudstenester (Frå 2023-&gt;)</b>						1018 (678+340)	1016
<b>Ungdomsgudstenester</b>	391	412	399	254	348	340	*
<b>Deltakarar ungdomsgudst</b>	43110	47187	45687	15975	25646	34963	*
<b>Gjennomsnitt ungdomsgudst</b>	110	115	115	63	74	103	

I 2022 såg vi at talet på deltarar på ungdomsgudstenester gjekk opp etter pandemien, men er 23 % lågare enn 2019-nivået. Samtidig ser ein at gjennomsnittleg deltaking er berre 12 prosentpoeng lågare enn i 2019. Dette kan tyda på at ungdomsarbeidet og gudstenestearbeidet for konfirmantar er på veg opp og ein klarar å samla større grupper.

\* I 2023 var statistikken for barnegudstenester og ungdomsgudstenester slått saman, så det er vanskeleg å konkludera, men ut frå eit anslag ut frå forholdet i 2022 ser det ut som om talet på ungdomsgudstenester er stabilt.

### 3.B.1.1.5 Trusopplæring

**Resultatmål: Born og unge lærer om kyrkje og tru**

**Indikator: Deltakarandel i utvalde, landsomfattande tiltak. (Planverktøy trusopplæring)**

#### Opplæringstilbod i timer (snitt)

	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
<b>Tilbod timer</b>	214,2	223,3	216,3	171,2	183,7	221,6	232,9

Det er ein auke i snitt gjennomførte trusopplæringstimar på 11,3 timer frå 2022 til 2023 og dette er med klar margin det beste resultatet så langt. Det ser ut som at kyrkjelydane har funne smarte måtar å gjere ting på slik at ein har fått til å tilby mange og gode

opplæringsaktivitetar. Det er eit resultat av langsiktig og grundig arbeid i bispedømet med å hjelpe kyrkjelydane til å finne tilbod som fungerer for målgruppene. Det er ofte smart å invitere fleire årskull til aktivitetar der ein har kapasitet til det. Det kan også vere lurt å ha til dømes "halvkontinuerlege" tiltak av enklare art, med fem samlingar på våren og fire på hausten (ca. ein gong i månaden i sesongen), heller enn større samlingar ein gong i året.

### **Deltakardel i utvalde landsomfattande breiddetiltak**

	Dåps-samtale	4 års-bok	6 års	Tårn-agent	Lys vaken	Konfir-masjo-n	Året etter konf.	Samla på desse tiltaka
<b>Deltakarar 2023</b>	3773	1480	1051	931	828	4880	303	<b>13246</b>
<b>Målgruppe* 2023</b>	3695	3789	4044	3997	3399	5858	2110	<b>26892</b>
<b>Prosent 2023</b>	<b>102</b>	<b>39</b>	<b>26</b>	<b>23</b>	<b>24</b>	<b>83</b>	<b>14</b>	<b>49</b>
<b>Prosent 2022</b>	98	39	21	24	19	84	12	45
<b>Prosent 2021</b>	102	45	29	26	22	86	10	50
<b>Prosent 2020</b>	98	39	28	26	23	86	14	52
<b>Prosent 2019</b>	103	42	30	29	25	87	8	48
<b>Prosent 2018</b>	101	48	31	25	26	88	9	48
<b>Prosent 2017</b>	101	48	30	25	27	90	12	49

\* Målgruppe er døypte i den aktuelle alderen som bur i sokn som hadde tilbod for aldersgruppa i 2023 og difor vart inviterte, altså ikkje heile årskullet.

### **Oppmøte i utvalde landsomfattande breiddetiltak**

	Dåps-samtale	4 års	6 års	Tårn-agent	Lys Vaken	Konfirmasjon	Etter konf	Totalt
<b>2023</b>	<b>3773</b>	<b>1480</b>	<b>1051</b>	<b>931</b>	<b>828</b>	<b>4880</b>	<b>303</b>	<b>13246</b>
<b>2022</b>	3756	1517	1113	902	856	4724	264	13132
<b>Endring 22-23</b>	17	-37	-62	29	-30	156	39	114
<b>% endring 22-23</b>	0,5%	-2,4%	-5,6%	3,2%	-3,5%	3,3%	14,8%	0,9%

Totalt sett er det ein oppgang i deltakartal på dei utvalde tiltaka frå 2022 til 2023 med 114 deltagarar og 0,9%. Tiltak for 4 og 6 åringer, og LysVaken går noko ned, medan Tårnagent og konfirmasjon aukar. Mest markert endring er det for etter konfirmanttida, men her er det relativt små tal, og endringar kan difor gi store utslag, men likevel er det positivt.

I Bjørgvin er det ikkje slik at vi oppmodar alle til å ha til dømes LysVaken eller Tårnagentsamling. Desse tiltaka kan vere ganske ressurskrevjande å gjennomføre og det er difor ikkje alltid ressursar til å gjennomføre dei. Vi utarbeidde i 2022 «trafikklysmodellen» for trusopplæringsstiltak. Aktivitetar som lukkast kan ein med fordel halde fram med, gjere meir av eller ta med idear frå til andre tiltak (grønt lys). Tiltak som går litt på det jamne, er skiftande i suksess frå år til år, eller som krev meir ressursar enn ein har til rådvelde, kan ein med fordel justere på, slik at ein kan lukkast betre (gult lys). Tiltak som stadig blir avlyst, som ein ikkje har ressursar til å starte opp, eller som fungerer därleg – må ein endre (raudt lys). Fokus er på gode tilbod som kan treffe målgruppa, og lojaliteten må liggje hos målgruppa - og planen skal berre vere ei støtte og hjelp i arbeidet, og ikkje ei hindring. Det viktige er at alle barn og unge blir invitert på minimum eitt relevant tiltak kvart år (og helst fleire). Tiltak

som kan gi gode erfaringar og kunnskap, og som med det opplyser den enkelte om trua kyrkja døyper til.

Dei siste åra har hjelpt oss med kreativitet. Der ein ikkje kunne gjere som før, kunne ein kanskje gjere noko på ein annan måte. LysVaken treng ikkje vere laurdag ettermiddag til og med søndagsgudstenesta. Det kan vere fredag frå 19-23 med hentesamling kl. 22.30. Eller frå fredag kl. 21 til laurdag kl. 09. Med kveldsmåltid, aktivitetar, kveldssamling, søvn, frukost og morgonsamling. Ein treng ikkje heller kalle det LysVaken, men til dømes overnatting i kyrkja, og det kan også vere for andre årskull, eller fleire årskull. Det viktige er å finne eit opplegg som fungerer, og som er enkelt nok til å kunne gjennomføre også med avgrensa ressursar.

### **Oversyn over alle trusopplæringsaktivitetane**

År	Gjennom-førte tiltak	Timar gjennom-ført	Frivillige	Årsverk	Med-lemmer 0 til 18 år	Del-takarar	Prosentvis deltakarar av medlemmer 0-18 år
<b>2023</b>	1283	16832	4322	71,85	82595	29100	35,23 %
<b>2022</b>	1280	16623	4139	67,13	85784	28533	33,26 %
<b>2021</b>	1081	14791	2924	59,46	86691	24612	28,39 %
<b>2020</b>	916	13275	3110	68,05	88806	20714	23,33 %
<b>2019</b>	1390	17242	5167	61,94	92724	30938	33,37 %
<b>2018</b>	1473	18387	5709	59,86	94015	31542	33,55 %
<b>2017</b>	1454	17680	5917	57,98	96529	32588	33,76 %
<b>2016</b>	1492	19297	6311	58,27	98424	34173	34,72 %
<b>2015</b>	1471	19116	5487	59,87	99375	31070	31,27 %

Tabellen over her viser samla tal for alle trusopplæringstiltaka i Bjørgvin (og ikkje berre dei spesielt utvalde). Prosenttalet har mykje meir gledeleg utvikling enn faktisk tal på oppmøte. Det har med at medlemstalet har gått ganske mykje ned dei seinare år. Det er fleire årsaker til det: utmelding, nedgang i dåpstal, lågare årskull, flytting/sentralisering og arbeidsinnvandring/annan innvandring som har ført til større religiøst mangfold. Kyrkja vil over tid få ei utfordring når målgruppa vert mindre år for år. Dei viktigaste grunnane i distrikta er lågare fødselstal og sentralisering (at ungdommar flytta ut utan å komme tilbake). I større og mindre byar har dåpstala meir å seie. Det er ikkje lengre sjølv sagt at dei som får barn, døyper barna, og det er statistisk samanheng mellom storleik på staden ein bur, og dåpstal. I byane har ein mindre kontakt med tradisjonar og historiske posisjonar. Medlemstalet krympar og årskulla kan variere.

Årleg når vi meir enn ein av tre barn/unge i målgruppa og vi har gjort det over tid, og trenden er aukande. Det betyr at barn og unge i gjennomsnitt tek del i seks ulike aktivitetar i trusopplæringa, altså at dei er innom på eit eller fleire arrangement ca. kvart tredje år. Likevel ønsker vi at det skal bli 100% - at alle barn og unge opp til 18 år er med på minimum ein aktivitet kvart år i regi av trusopplæringa.

Det er ein klar auke i prosenttal for samla oppmøte på trusopplæringstiltak. Det er første gang vi er over 35%.

## **Kompetanseheving og erfaringsdeling i årssamtalar**

Ein viktig arena for erfaringsutveksling og læring er årssamtalar der trusopplæringsrådgjevarane samlar kyrkjelydspedagogar frå fleire prosti for at dei kan lytta til og læra av kvarandre. Det er med å tryggje dei tilsette og er særleg viktige for nytilsette. Vi ser at desse samlingane over tid gir frukt ved at modellar eller forslag til løysingar vert tatt tak i det og lokalt utvikla vidare. I 2022 hadde vi til dømes fokus på balanse mellom arbeid og fritid, for at pedagogane skal kunne arbeide over tid og ikkje brenne seg ut. Ein pedagog hadde fått ein mykje betre kvardag etter å ha rydda i timeplanen og laga eit smartare årshjul etter at vi hadde snakka om langtidsplanlegging på samtalen i fjor. Ho delte modellen sin til dei andre på samlinga, og slik kan vi lære og utvikle arbeidet vidare.

Planane som ligg i planverktøyet er på eit vis dynamiske ved at ein heile tida må justere kursen ut frå kva som konkret fungerer og kva ein har ressursar til, men likevel ha eit blikk for heilskapen i arbeidet. Vi har delt ut eit lite rådgjevingshefte (ved årssamtalen i trusopplæringa) for å støtte einingane i dette arbeidet.

Planverktøyet for trusopplæringa har nokre tekstfelt for læring og utvikling. Og det blir meldt om at det ikkje er problem med for lite materiell, men snarare at det er så mykje hjelpe- og støttemateriell at ein ikkje får oversikt og klarer å orientere seg. Ein del av materiellet er også så omfangsrikt at det slik blir lite tilgjengeleg. Det blir etterlyst samlingar for å dele erfaringar om metodikk og materiell, enkeltidear (heller enn store opplegg), og meir digitale verktøy til faktisk trusopplæring for barn og unge (app). Det er også eit stort etterslep innan kursfeltet. Det er behov for opplæring i barneteologi, oppdateringskurs i babysang, fagsamlingar om feltet 13-18 år, kurs om psykisk helse og ymse spesialpedagogikk, trusforsvar og mykje meir. Ein del etterlyser det tverrfaglege, at fleire yrkesgrupper får del i tematiske samlingar, eller eigne stabssamlingar med fokus til dømes på trusopplæring. Det blir også spurt etter hjelp til å engasjere frivillige i arbeidet.

Nokre glimt frå det kyrkjelydane melder om erfaringar:

- «Vern om dei gode frivillige for alt dei er verd! Korleis få tak i nye/fleir utan å bli utbrent i prosessen?» (Hjartesukk frå pedagog)
- «Vi har eit godt kyrkje-skule-barnehage-samarbeid. Vi ser at trusopplæring og samarbeidet med skule og barnehage utgjer ein heilheit som er uvurderlig viktig.» (Fjaler).
- Fyllingsdalen melder at dei har lyst til å satse vidare på Messy Church: «Dette har vært en spennende måte å ha gudstjenester på, og det har appellert svært bra til ulike aldersgrupper, både barn og voksne.»
- Knarvik melder om arbeid med «grunnmuren». Det betyr å lage ein stabil samanheng mellom familiegudstenester, søndagsskule, kyrkjemiddag og samarbeid med familiar og frivillige medarbeidarar i dei kontinuerlege tiltaka.
- I eit lite øysamfunn som Solund har dei syn for tiltak for å nå alle, der kan 10-15% av dei busette vere tilflytta frå utlandet og er difor ikkje medlemmar i kyrkja.
- På Osterøy prøvde dei eit nytt tiltak for 14-åringar for å nå komande konfirmantar. Dei hadde godt oppmøte, og praktiske stasjonar utandørs i eit fint naturområde, med grilling og kontaktbyggjande aktivitetar.
- «Folk i Eidfjord tenkjer positivt om kyrkja og tek imot tiltak som blir tilbuddt av kyrkja, spesielt i trusopplæring. Spesielt i år.»

- «Vi erfarer at mange som kommer på trosopplæring i uken, ikke kommer på familiemesse. Vi har derfor startet middagsmesser midt i uken og antallet går opp.» (Storetveit)
- Jølster erfarte eit godt samarbeid med speidaren om Lys Vaken, og hadde: «Over 40 barn på overnatting i kyrkja med fokus på misjonsprosjekt og basar etter gudstenesta på søndagen.»
- Trusopplæring er ofte ikkje heilt forutsigbart: Sogndal melder at «det som fungerer ein stad, fungerer ikkje alltid ein annan stad.» Førde melder: «Det som fungerer godt med eit kull, fungerer ikkje nødvendigvis like godt med eit anna.» Og Gulen: «Deltagelse er ofte uforutsigbar. Når vi regner med at det kommer få barn kan det likevel komme mange, f.eks. LysVaken i fjor.»

### *Kritiske suksessfaktorar*

I trusopplæringa er ein heilt avhengig av gode årshjul og god langtidsplanlegging i stab slik at ein kan fordele aktivitetane utover året og tilpasse dei til andre ting ein gjer i kyrkjelyden. Ein er også avhengig av gode stabsmøte eller andre lokale treffpunkt der ein kan få arbeide med dei ulike sentrale dimensjonane i trusopplæringa for at ein skal få til Vi-tanken i trusopplæringa. Det er viktig med tverrfagleg samarbeid, at ein faktisk står saman om å løyse oppgåvene ut frå ulike evner og roller. Det kan vere einsamt og slitsamt dersom ein kjenner seg åleine om arbeidet. Gudstenesta har ei stor rolle i trusopplæringa, men det er ikkje alltid vinn-vinn å ha trusopplæringstiltak i gudstenesta fordi det kan vere litt mange ulike interesser og ønsker knytt til gjennomføringa av gudstenesta.

Vi ser nokre viktige utfordringar for trusopplæringa. Det er ein del vakanse og permisionar i stillingar i både liner, og det fører til meir press på dei som er att. Løyvingane føl ikkje pris- og lønsvekst, og mange fellesråd har trøng økonomi som gjer at det vert kutta i stillingar. I tillegg var reforma underfinansiert. Der ein kuttar økonomi må ein også kutte oppgåver. Der ein legg ting inn på toppen av arbeidet ein allereie har risikerer ein også noko. Ei fare vi ser er at tilsette i trusopplæringa tek over oppgåver frivillige eller andre tilsette har gjort før og får slik mindre tid til å få gjort det ein eigentleg er tilsett for å gjøre.

Det er også viktig å framleis vise truskap mot breiddetenkinga: Vi vil at alle skal bli døypt, konfirmert, og ta del i minimum eit tilbod kvart år. Då er det viktig å ikkje tenkje at ein har løyst dette ved å tilby kor og søndagsskule. Vi treng både djupne og breidde og det har vi arbeidd seriøst med i Bjørgvin heile tida ved utrulling av trusopplæringsreforma. God struktur og organisering gir god trusopplæring, men det ser ulikt ut ulike stader.

### *Døme på gode lokale tiltak for å møta utfordingar:*

Frå Bømlo i Sunnhordland prosti: Trusopplæringstiltaket Tru D17: Londontur


Tur til London har vore trusopplæringstiltak for 17-åringar i sokna på Bømlo dei siste åra. Det er ei danningsreise som har vorte så populær at det er venteliste og vidaregåande skule tar omsyn til det i si planlegging. I 2023 var 56 ungdomar med på tre dagar med aktivitetar: Morgonsamling med tema relatert til musikalen «Lion King», besøk på sjømannskyrkja og på KFUK-hjemmet, Evensong i St.Pauls Cathedral.

Frå Lærdal i Sogn prosti: Dåpsdue

Nytt i 2023 er dåpsdue som vert hengt opp i dåpstreet kvar gong eit barn vert døypt. Året etter dåpen vert dei invitert tilbake som eittåringar, til Dueslepp-gudsteneste. No er duene klare for å bli med barna heim.

## *Ny modell for involvering i kyrkjelydane: **Involveringstrekanten**.*

Vi utvikla ein ny modell i løpet av årssamtalane i år: **Involveringstrekanten**. Spørsmålet var korleis ein skulle unngå å stå åleine om arbeidet og korleis ein skulle involvere andre tilsette (tverrfagleg samarbeid) i trusopplæringa. Vi fann ut at det var tre viktige ting for å lukkast med tverrfagleg involvering (og også med frivillig arbeid).



- Obligatorisk. Det må vere **obligatorisk** for kollegaen å ta del i aktiviteten. Det må stå i trusopplæringsplanen kven som har ansvar, det må inn i årshjulet til den enkelte, og det må skrivast inn i arbeidsplanen (og forankrast i leiinga).
- Det må vere **givande** for den som er med. Det må faktisk vere litt kjekt å vere med: «Gøy-faktor!»
- Det må vere **nyttig** for den som tek del. Ein må kunne bruke kunnskap, erfaring og kjennskap, eller få ny kunnskap, erfaring, kjennskap og kontaktar.

Dersom eit av hjørna manglar, vil det bli utfordring over tid å få til samarbeidet. Hjørne ein er litt anngleis dersom det gjeld frivillige, men dei to andre punkta er viktige. I staden for obligatorisk, må ein ha annan motivasjonsfaktor som sikrar at den frivillige kjem (og at ho har lyst til å ta del også neste gang). Relasjon og fellesskap-delen er viktig og kan kanskje få fokus her, eller å marknadsføre at det både er givande og nyttig å vere med.

Eit anna tema vi har arbeidd med på samlingane er: Kven er på jobb? Alle, ingen, nokon eller ein. Sidan arbeidstid er eit avgrensa gode er det lurt å tenke strategisk på korleis ein fordeler oppgåver. Av og til bør **alle** vere på jobb på aktivitetar vi arrangerer. Dette fordi det er behov for det, og fordi ein slik bygger fellesskap. Andre gonger går det heilt fint at **ingen** er på jobb – det er gode frivillige som driftar arbeidet. Så treng ein stundom **nokon**, kanskje to eller tre er nok for å dekkje det som trengs av stabsressursar. Og den siste varianten er **ein**; anten eg eller du er på jobb. Det betyr at den andre har fri – og kan ha det med godt samvit, og samle krefter til innsats. Slik kan ein fordele byrder og glede, og over tid bygge ein kultur for sunn balanse både for tilsette og frivillige (der ein kan gjere tilsvarande fordeling av ansvar og involvering).

Opp gjennom åra er det mykje kreativitet og nytenking som er komme fram i trusopplæringa i Bjørgvin, og litt av det klarer vi å dele på samlingar og i dokumenter som her. Men det er berre smakebitar både av modellar og frå praksis. Alt i alt er trusopplæringa i Bjørgvin på eit godt spor. Og arbeidet har stort potensiale til å fornye arbeidet i kyrkjene i Bjørgvin endå meir.

## **3.B.1.2. Fremjar verdiar som utfordrar og som bygger eit godt samfunn for alle**

### **3.B.1.2.1. Kyrkja i det offentlege rommet**

**Resultatmål:** Kyrkja deltar aktivt i samfunnsdebatten og på ulike arenaer i det offentlege rom

*Indikator: Kvalitativ vurdering*

#### *Vigslinga som offentleg handling*

Vigslinga av ny biskop i Bjørgvin bispedøme var ei stor glede og ei stor satsing for bispedømet. Sjølv om det var ein flott fest er ei bispevigsling meir enn pomp og prakt, det er også ei strategisk handling. Ønsket var å nytte høvet til å synleggjere kyrkja og bispedømet sitt mål om å vere synleg i samfunnet og vere meir for fleire. Bispedømerådet nytta høvet til å invitere soknerådsleiarar frå heile bispedømet til både arbeidsseminar, vigslingsgudsteneste og fest, ei medviten storsatsing for å legge til rette for samskaping.

#### *Synleggjering av kyrkja i samband med jubilea for Kristenretten og Landslova*

Bjørgvin bispedøme har frikjøpt kapellan Thor Haavik til å laga videoar som kan synleggjera kyrkja sin bodskap og nå lenger ut enn gudstenesta gjør. I 2023 hadde videoane han slapp på Instagram, YouTube, TikTok og Facebook til saman over 2,6 millionar visningar. I tillegg vart det produsert innlegg med tekst og bilde om tro og liv som også har stor rekkevidde.

Gjennom 2023 blei TV-serien: "Hendelsen som forandret Norge" spilt inn og produsert som tre Youtube-videoar på ca 20 minutt kvar. Den tar for seg hendinga med "Kristenretten" på Moster, som har 1000-årsjubileum i 2024, og utforskar kva det har hatt å seia for utviklinga av landet vårt. Dette er ei satsing frå bispedømet si side for å løfta opp jubileet og gi kunnskap om verdiane i lovverket. Serien vart lansert i januar 2024.

Bjørgvin bispedøme/Bjørgvin biskop har sidan 2020 vore aktiv bidragsytar i komiteen for planlegging av 1000-årsjubileet for Kristenretten og seinare i komiteen for Landslovsjubileet Vestland. Fylkesordførar er tydeleg på at kyrkja er sentral i renninga for Vestlandsveven, og den rolla har vi tatt. Kyrkja er ein tydeleg premissgivar i dei ulike jubilea og ser både gevinst og glede i å samarbeide breitt med ulike samfunnsaktørar. Førebuinga av jubiléa i 2024 har fokus på å formidle kunnskap og engasjement i kyrkjelydane slik at dei lokalt kan vere aktive bidragsytarar i feiringane. Vona er at kyrkja, og særleg ungdomen, er medvitne kor viktig det er å vere aktiv når det gjeld å "forme framtidia".

#### *Tverrfagleg nytenking om utvikling av pilegrimsrådet Røldal*

Pilegrimsutvala i Stavanger og Bjørgvin bispedøme har felles glød for utviklinga av pilegrimstradisjonar på Vestlandet og samarbeidar tett om aktivitetar over «sjø og land»:

Ullensvang kyrkjelege fellesråd og Røldal sokneråd inviterte til samarbeid om seminar under Røldalsstemnet i juli: «Røldal – der vegane møtast»:

Med utgangspunkt i den kristne tradisjonen kring Pilegrimsrådet Røldal og Røldalsstemnet vart det rigga til møte mellom pådrivarar og nytenkjarar frå kyrkje, fylke, kommune, kulturminnevern, museum, turisme og stadsutvikling. Det vart presentert og samtala om

korleis ulike miljø klokt kan spela saman om utvikling av pilegrimsmålet og pilegrimsleia til Røldal.

Seminaret var del av ei heilskapleg helg med mottak av pilegrimar frå både Stavanger og Moster, pilegrimsrådsgudstenester og det nyskrivne Røldalsspelet «Den lange vegen».

### *Auka medvit om aktualiteten av våre kristne grunnverdiar*

Ein raud tråd i biskopen sine samtalar i 2023 har vore å auke medvitet om dei kristne verdiane i dei historiske jubilea vi no går inn i, og inspirere kyrkjefolk til aktivt å engasjere seg i dei pågåande debattar og prosessar kring kristenrettsjubileet Moster 2024, Magnus Lagabøte-jubileet i 2024 og vidare Stiklestad 2030. Mottoet er «Feira fortid - forma framtid!» (Moster 2024)

Biskopen i Bjørgvin tek aktivt del i hovudkomitéen for Moster 2024 og programkomitéen for Magnus Lagabøte-jubileet, og kjem med innspel til profil og program for markeringane og oppfordrar samstundes sokna i bispedømet til å vere aktive bidragsytarar i verdisamtalar i sitt lokalmiljø.

### **3.B.1.2.2. Samhandling med trus- og livssynssamfunn**

#### **Resultatmål: Kyrkja samhandlar med ulike trus- og livssynssamfunn**

##### **Indikator: Kvalitativ vurdering (med kven og korleis)**

Statistikken viser 45 økumeniske gudstenester i 2023 mot 28 i 2022 og 34 i 2019. Prostane melder at det mange stader er lokalt økumenisk samarbeid om gudstenester, men det varierer mykje alt etter kva andre trussamfunn som er i lokalsamfunnet. Fleire stader leiger ein ut kyrkjer til migrantkyrkjelydar, til dømes i Sogndal og Bergen der ein har leigd ut kyrkjer til ortodoks gudsteneste for eritrearar.

##### *Trus- og livssynsdialog*

##### **Indikator: Tal på fora for religionsdialog**

Kirkelig dialogsenter Bergen (KDB) er vårt forum for religionsdialog. Senteret arbeider med trus- og livssynsbaser dialog, mellom anna livssynsbaser dialog med og for ungdom (giennom tiltaket "Inter"). Senteret har samtalegruppe om tru mellom aust og vest, og arrangerer "Pusterom" med vekt på kristen meditasjon. Dei har arrangement ved Mangfaldsveka og tek del i besøk til ulike trussamfunn i samarbeid med STL (Samarbeidsrådet for trus- og livssynssamfunn).

Kyrkja har hatt stand på Alternativmessene i Bergen i mange år. Standen blir tverrkirkjeleg betjent med heile bredda i kyrkjelandskapet og har i seg sjølv hatt ein dialogisk effekt. Kirkens SOS har vore administrativ ressurs, og leia arbeidet med Areopagos som ein god støttespelar. Dei siste åra har Kirkelig dialogsenter tatt administrativt ansvar. Folk frå mange ulike kyrkjer i Bergensområdet har stått på standen; diakonar, prestar, kateketar og vanlege medlemmar. Kyrkja har ofta hatt seminar på messene og har mellom anna hatt tema om sjølvordsførebygging (ved Kirkens SOS). Messa har dei siste åra vore på Bryggen, og tilbodet kyrkja gir er samtale, bøn og forbøn. Det blir delt ut bibelvers, bøner og litteratur gratis. Organisasjonen Godt Nytt stiller med ulik gratislitteratur som NT og Markusevangeliet. Messene er viktige lyttestader for å bli kjent med alternativ tenking og spiritualitet, for å byggje ned fordommar mot kyrkja og for å finne ut kva religiøsitet som rører seg mellom folk som tek del ved slike messer.

### **3.B.1.3. Styrker gjennom si organisering ei levande og nærverande folkekjyrke**

#### **3.B.1.3.1. Rekruttering**

##### **Resultatmål: Rekruttering til kyrkjelege stillingar vert styrka**

##### **Indikator: Tal på søkerar til vigsla stillingar, Tal på vakansar i vigsla stillingar**

Bjørgvin har i 2023 utlyst 31 prestestillingar, der seks er utlyst fleire gonger. Til desse stillingane hadde vi søknadar frå 17 kvinner og 32 menn, totalt 49 søknadar. Vi har tilsett 10 kvinner og 12 menn, totalt 22 prestar. I 2022 vart det tilsett 11 prestar, og det var 37 søknadar. Ved utgangen av 2023 er 28 stillingar vakante i vårt bispedøme.

Våren 2023 var bispedømet representert på utdanningsmesse i Grieghallen saman med Bergen kirkelige fellesråd.

Gjennom året 2023 besøkte Thor Haavik, som bispedømet har frikjøpt til å drive med blant anna rekruttering, fleire bibel-, folkehøgskular og skular i Bjørgvin der han heldt føredrag om «Kvífor ta utdanning for å jobbe i kyrkja». Etter føredraget har det vore høve til samtale og til å kunne stille spørsmål. Vi reknar at rundt 400-500 ungdommar har hørt føredraget. Bjørgvin bispedøme har sommarvikarar som bidreg i prestetenesta. Vikarane kjem både frå Noreg og frå Danmark. Ut frå signal vi mottek trur vi tiltaket kan bidra til rekruttering til fast teneste på lang sikt.

##### **Vigsligar**

Biskopen har i 2023 vigsla 1 diakon, 1 kantor, 2 kateketar og ordinert 8 prestar.

#### **3.B.1.3.2. Kyrkjeorganisasjonen**

##### **Resultatmål: Kyrkja har ein velfungerande organisasjon**

##### **Indikator: Sjukefråver, tal på avviksmeldingar og varslar**

Sjå heilskapleg rapportering om varslar under «Delmåla i HMT-handlingsplan for Bjørgvin bispedøme» i del IV. Sjukefråvær er omtalt i kap. 3.B.3.3.1

##### **Demokratisk organisasjon**

I 2023 var det kyrkjeval, det er ein omfattande prosess som starta med nominasjon og valkurs og vart avslutta med fellesrådkurs våren 2024. Bispedømekontoret hadde to medarbeidrarar som arbeidde med kyrkjevalet og heile kyrkjefagavdelinga var involvert i å halda 13 soknerådkurs hausten 23. Bispedømekontoret var involvert i gjennomføringa av bispedømerådsvalet med 11 valkurs i prostia og eit par kurs for tilsette via Teams seinare på året. Desse kursa og annan informasjon via brev, e-post og nettsider med informasjon om valordninga og praktiske sider ved gjennomføringa av valet til alle sokn og prosti, var ein vesentleg del av vårt arbeid med valet. Vi hadde også ansvar for gjennomføringa av nominasjonsprosessane for val av leke, geistlege og lek tilsette medlemer i bispedømerådet. Eit aktivt arbeid for å minna sokneråda om nominasjon, i tillegg til ulike nomineringsgruppene sin innsats, gjorde at veljarane kunne røysta på kandidatar frå fire lister med leke kandidatar. Ei større digitalisering av valet med elektronisk førehandsrøysting av leke og elektronisk val av lek tilsett og geistlege representantar, gjorde arbeidet med oppteljing enklare.

Det kom ei klage som vart handsama av kyrkjerådet, og ei som vart avvist av bispedømeadministrasjonen.

### 3.B.1.3.3. Kompetanseutvikling

#### Resultatmål: Kompetanseutvikling vert styrka

**Indikator: Tal på gjennomførte e-læringskurs, kvalitativ vurdering (HR/BDR)**

I Bjørgvin gjennomførte tilsette i 2023 1018 e-læringskurs.

Digitalt kurs for sommarvikarar vart gjennomført for 6 personar juni 2023

#### Lokale kompetansehevingstiltak

Det skjer mykje god kompetanseutvikling lokalt som prostane står for. Tema som er tatt opp på sju prestekonvent og på tverrfaglege konvent bidreg til refleksjon og utvikling i tenesta. Prostia sine studieturar er òg kompetanseheving. Det er ein føresetnad for få REU-støtte at ein har eit solid studieopplegg, gjerne med litteraturstudiar på førehand.

#### Regionale kompetansehevingstiltak – Stiftsdagar for alle tilsette

Av økonomiske omsyn vart det ikkje Stiftsdagar 2023.

#### Etter- og vidareutdanningsarbeid (REU)

I 2023 deltok 12 prestar i etter- og vidareutdanning som fekk stønad av Regionalt etterutdanningsutval (REU). Av desse er tre prestar frå tre prosti på treårig Arbeidsvegleiarutdanning (AVU) som gjev 60 studiepoeng, su prestar frå sju prosti starta på 15-studiepoengskurset «Åndeleg vegleiing». Ein prest hadde eige studie. Til saman utgjer det ca.ca 100 studiepoeng i 2023. Til dagleg arbeidar dei i ni ulike prosti. Sunnhordland prosti gjennomførte prostitur med fagleg innhald i samband med 1000 års-feiring for kristenretten i 2024.

## 3.B.2. Kyrkja er der livet blir levd

### 3.B.2.1. Styrker kyrkja som kulturarena og forvaltar av kulturarv for alle generasjoner

Bjørgvin bispedøme sin strategi 4

Kunst- og kulturuttrykk skal vere ein vital del av den lokale kyrkja ved å

- la kunst- og kulturuttrykk vide ut forkynninga og opne opp eit rom for tru
- fremje kyrkja sitt eige arbeid på kyrkjemusikk, kunst og kultur
- utvikle samarbeidet mellom kyrkja og det lokale kunst- og kulturlivet



Dei nærmere 150 kyrkjemusikarane i bispedømet er sentrale tilretteleggarar av konsert- og kulturarrangement i soknet. Bispedømet har årlege fagdagar der mange av dei møtes. I oktober 2023 var det i Sogndal med temaet "best når det gjelder" frå Sogndal fotballklubb og det var konkret musikalsk inspirasjon frå kollegaene Sigurd Melvær Øgaard og Hallgeir Øgaard Westlie. Fagdagane held fram regionalt, med neste samling på Moster, i høve Kristenrettsjubileet.

### 3.B.2.1.1. Konsertar og kulturarrangement

#### **Resultatmål: Fleire deltagarar på konserter og kulturarrangement**

*Indikator: Tal på deltagarar på konserter og kulturarrangement i kyrkjene i regi av kyrkjelyden/andre aktørar (SSB)*

#### *Tal på konsertar og kulturarrangement i kyrkjene*

	Konsertar i eigen regi	Konsertar i regi av andre	Kulturarr. i eigen regi	Kulturarr. i regi av andre	Totalt
<b>2023</b>	907	568	237	45	1757
<b>2022</b>	939	555	275	61	1830
<b>2021</b>	557	283	113	33	986
<b>2020</b>	444	200	162	25	831
<b>2019</b>	904	561	311	73	1849
<b>2018</b>	911	552	283	106	1852

Det er ein liten nedgang i høve til tala frå 2022 som var nesten ei dobling etter pandemiåra. Det er enno eit stykke før ein når opp til nivået før pandemien eller rekordåret 2017. Det blir interessant å sjå om arrangementstala har lagt seg til ro på ei «låg hylle», eller om vi vil sjå ein auke i åra som kjem.

#### *Deltakarar på konsertar og kulturarrangement*

	Konsertar i eigen regi	Konsertar i regi av andre	Kulturarr. i eigen regi	Kulturarr. i regi av andre	Total
<b>2023</b>	63717	88420	15672	6662	174471
<b>2022</b>	69672	73244	15657	5103	163676
<b>2021</b>	22844	27542	5867	1707	57960
<b>2020</b>	18143	14126	8374	952	41595
<b>2019</b>	77654	93609	24582	5068	200913
<b>2018</b>	83340	93970	26792	8511	212613

Her ser vi ei merkbar auke i talet deltagarar på konsert- og kulturarrangement totalt, med mest oppgang på arr. i regi av andre. Det er godt at folk no kjem tilbake til kyrkja, også som

kulturarena. Kyrkja treng fleire leidgetakrar, brukarar og vener. Her kan vi bli stadig betre på tilrettelegging for eksterne kulturarrangørar, samstundes med at vi bygger kulturelle relasjonar mellom sokn og lokalsamfunn.

### 3.B.2.1.2. Kulturarv

#### **Resultatmål: Styrke og fornye kyrkjeleg kulturarv nasjonalt og lokalt**

**Indikator: Tal på kyrkjelydar med opne kyrkjer. Pilegrimsrapportering (SSB, BDR)**

#### Opne kyrkjer

	Sokn med open kyrkje					Totalt dagar med open kyrkje				
	2019	2020	2021	2022	2023	2019	2020	2021	2022	2023
Bjørgvin	67	83	87	85	71	3120	761	1223	2383	2566
Landet totalt	558	712	794	639	593	28 858	19 311	20 064	22 598	23 064

Vi ser at færre sokn har økonomi til å halde kyrkjene opne, men talet på dagar med opne kyrkjer aukar. Ein klår strategi for å auke kunnskap om og kjærleik til lokalkyrkja vår, vil vere særsviktig for framtida.

#### Pilegrimsarbeidet

Pilegrimsmotivet er blitt ein naturlig del av kyrkja sin kvardag og det enkelte sokn etablerer sine pilegrimstradisjonar ut frå sin historie og korleis dei kan aktualiserast i dag.

Pilegrimsvandringa i Førde er eit samarbeid mellom soknet, Rotaryklubben og kommunen og er lagt til rette for folk med ulike funksjonsnivå. Opplegget er tilgjengeleg for alle i Ressursbanken.

Ein ny ressurs for Røldalspilegrimen er den tidlegare prestegarden, som Ullensvang kommune har kjøpt og gjort om til Pilegrimsgard med vertskap og tidebøner. Pilegrimar frå både Moster og Stavanger strøymde til Røldal i juli og fekk med Røldalsspelet, vandringar, pilegrimsmesse og inspirerande seminar om mellomalderkunsten i kyrkja og det komande 750-årsjubileet for Magnus Lagabøte si landslov.

Dei regionale pilegrimsentra i Selje og Bergen, som no har eksistert i nærmere fire år, er i ferd med å etablere samarbeidsrelasjonar med både kyrkje og lokalsamfunn på dei 10 nøkkelstadane frå Moster til Selje. Her er stort potensiale for nærmere samarbeid på sikt. I samband med feiringa av Moster 2024 har ein i 2023 bruka ressursar på å planlegga Verdisamtalar og Verdiseglas som er del av jubileumsstafetten fram mot 2030. Seglasen skal medverke til å vitalisere Kystpilegrimsleia, med dei 26 nøkkelstadane, som ressurs i identitetsutvikling langs Noregs kyst og leggje til rette for varige samarbeidsrelasjonar mellom sokn og samfunn.

### 3.B.2.1.3. Samarbeid med skular og andre om kulturarv

**Resultatmål: Skular og andre aktørar formidlar kulturarven i kyrkja**

**Indikator: Kvalitativ rapportering – lokale historielag, kyrkje-skule-samarbeid**

#### Samarbeid om kulturarv

Gudstenester for barnehageborn	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	Endring 2019-2023
Gudstenester	242	181	174	79	77	98	158	-9,20 %
Deltakartal	14128	13666	13241	2707	3877	6049	8191	-38,14 %
Gjennomsnitt	58	76	76	34	50	62	52	-31,79 %

Eit godt døme på godt samarbeid med lokale aktørar er Ulvik sokn si trusopplæring. Der har dei eit samarbeid med husmorlaget om juletrefest. Dei har også eit samarbeide med sogelaget og turlaget om ei pilegrimsvandring over Granvinsfjellet.

#### Mindre kristen og kyrkjeleg kulturformidling i skulen

Ein merkar i trusopplæringa og i konfirmantarbeidet at det skjer stadig mindre kristen tradisjonsformidling og nye årskull av borna kjenner ikkje lenger til kristne tradisjonar. Det er ein aukande tendens til at skulane ikkje formidlar kristne tradisjonar rundt høgtider, heller ikkje jul. Sjølv om barnehagane og skulane er på skulegudsteneste er det stadig oftare at dei ikkje har øvd på julesongane på førehand og det borna kan bidra med er sekulære songar. Lærarane si haldning til det å vera kulturformidlarar har endra seg, dei fleste er det i praksis ikkje. Kyrkjekulturen vert sett på som ein særkultur som ikkje er ein del av skulen sitt allmenne kulturoppdrag og difor ikkje ein del av skulekulturen si høgtidsfeiring. Det kristne innhaldet er nok med i jula, men ikkje i sentrum.

#### Skule- og barnehagegudstenester

Gudstenester for skuleborn	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023	Endring 2019-2023
Gudstenester	413	421	421	125	87	370	380	9,74 %
Deltakartal	73048	73930	71644	6107	6307	57139	59046	17,58 %
Gjennomsnitt	177	176	170	49	72	154	155	8,82 %

Både barnehagegudstenester og skulegudstenester har auka i tal og deltaking i forhold til pandemiåra 2020-22, men dersom ein samanliknar med normalåret 2019 er nedgangen tydeleg med 10% færre skulegudstenester og 9% færre barnehagegudstenester. Desember 2023 var den fyrste etter pandemien utan restriksjonar i desember og oppgangen frå 2022 har halde fram med tre prosent auke både i talet på skulegudstenester og deltararar.

Det er meldt om to tendensar. Fyrst at dei skulane som hadde tradisjon for å gå og ikkje hadde vore i kyrkja på to år gjerne ville tilbake. Den andre tendensen var at det ikkje har vore pengar til å bussa ungar til kyrkja på grunn av nedskjeringar i kommunebudsjett.

## 3.B.2.2. Bidrar til å verkeleggjera berekraftsmåla - lokalt, nasjonalt og globalt

### 3.B.2.2.1. Diakoni

#### Resultatmål: Fleire kyrkjelydar med diakonal satsing

*Indikator: Tal på kyrkjelydar med diakonal betening, kvalitativ vurdering*

Sokn	Sokn med diakonal betening					Prosentdel sokn med diakonal betening				
	2019	2020	2021	2022	2023	2019	2020	2021	2022	2023
176	70	76	76	76	83	37,4 %	43,2 %	43,2 %	43,2 %	52,8%

I 2023 vart det tilsett ein diakonimedarbeidar i ein ny stilling som skal betena dei sju sokna i Kvinnherad.

Diakoni i Bjørgvin bispedøme Nokre utvalde tal frå SSB-statistikken	2019	2020	2021	2022	2023
Plan for diakoni	104	107	104	108	103
Hadde kyrkjelyden tilbod om sorggrupper?	45	41	41	48	59
- Tal på grupper	64	50	63	65	85
Hadde kyrkjelyden tilbod om eldretreff/-kveldar?	80	71	58	67	73
- Tal på grupper	287	260	116	246	230
Andaktar på institusjon	125	129	126	118	120
- Tal på andaktar	3139	1588	2345	2755	2840
Besøksteneste	90	86	91	80	74
- Tal på besøk	5383	3525	3741	3613	3601
Tal på soknebod	441	445	478	431	468
Tilbod om sjelersorgsamalar	128	126	127	127	121
- Tal på samtalar	2640	3242	2897	2685	3200
Tilbod om turar for kyrkjelyden	56	16	12	47	48
- Tal på turar	76	24	21	68	126
Integrering retta mot innvandrarar	37	23	16	38	44
Tilbod for funksjonshemma	27	42	44	43	52
Andre sosiale og diakonale tilbod	85	79	81	95	97

Vi ser at det diakonale arbeidet har auka frå 2022 til 2023 og nærmar seg nivået frå 2019. Talet på sorggrupper har hatt ein stor auke på 24% og er over nivået frå før pandemien. Også talet på kyrkjelydsturar, integreringsarbeid mot innvandrarar og tilbod for funksjonshemma har auka.

#### Kompetanseheving diakoni

Bispedømet har skipa til tre fagdagar for diakonar og diakonimedarbeidarar i diakonirådgjevars permisjon i 2023:

13. febr: Nye verktøy for diakonien i soknet. «Kyrkja vår» samla plan for soknet

18.sept: 3 hovudtema: 1.Sorg, ventesorg og allehelgensdag 2.Internasjonal diakoni og diakoni på Cuba. 3.Korleis få lekfolket i vår kyrkjelyd til stadig meir «å leve ut diakoni i praksis», lokalt der vi bur og internasjonalt?

13. nov: Møte med biskop Ragnhild og samtale om kyrkjelydsdiakoni i Bjørgvin

## *Døme på diakonal nytenking*

### **Frå Landro i Vesthordland prosti: «God nok»**

Det diakonale prosjektet «God nok» skal hjelpe born til ein god overgang frå barneskule til ungdomsskule, og har blitt finansiert med innovasjonsmidlar frå Kyrkjearådet. Frivillige frå kyrkjelyden har delteke saman med diakon og helsejukepleiar frå skulen. Diakonen er inne i samtalegrupper på skulen. Borna frå Landro skule er i kyrkja annankvar måndag, fleire følgde prosjektet gjennom heile 2023. Her er det fokus på måltidsfellesskap, sosial meistring, leik og bygging av sjølvbilete. "God nok" har fått gode skussmål, og representerer ein måte å samarbeide på, som kommunen ønsker kan utvidast. Diakon og helsejukepleiar presenterte også dette for heile oppvekststataen i Øygarden kommune på eit seminar i november. Prosjektet er no sikra utover prosjektpersonen med midlar frå kommunen, og det er eit ønske om å utvide tiltaket.

### **Kyrkja i Odda og i Kvam deltok i samarbeidsprosjekt omkring «verdsdagen for psykisk helse».**

Prostiprest fortel frå Odda: Me har, i Odda sokn, snakka om at me ynskjer å vera ein tydelegare samfunnsbyggjar i større grad enn det verkar som kyrkja har vore i Odda dei siste åra. Nye samarbeidsrelasjonar har blitt etablert og i høve verdsdagen for psykisk helse, deltok me som kyrkje på eit arrangement på vidaregåande i Odda. Saman med miljørarbeidarar på Odda vidaregåande, helsefagarbeidarar, Frivilligsentralen og Kirkens bymisjon, sette me saman eit program. Temaet for verdsdagen var «Vi trenger å høyre til» og dagen bestod av foredrag av Elisabeth Lid (som vaks opp i ein alkoholisert heim og som no jobbar i Kirkens bymisjon i Haugesund), av «vitnesbyrd» frå ein i vår kyrkjelyd som har kjent på utanforskning, stands og «mingling». Me som kyrkje hadde på vår stand laga til ei mini- bønevandring. Postane var eit takke-tre der alle kunne skrive takkeemne på hjarte og henge opp på treet, det var bibelord i papirblomar som ein kunne legge på vatn, det var speil der det mest verdfulle Gud har skapt kom til synet for den som kikka i speilet. På standen hadde me også fakta om kor viktig det er for identitet, tryggleik og forankring å tilhøyra eit trussamfunn. Og ikkje minst- at Gud lagar-plass-for-oss. Eg fekk mange gode samtalar med dei elevane som besøkte standen vår. Mange deltok på bønevandringa og mange uttrykte forundring og glede over å vere deltakarar på vår stand. Me var tre medarbeidarar frå kyrkja; diakon, barne- og ungdomsarbeidar og prestevikar. Under evalueringa etterpå, vart me einige om å skipa til fleire samarbeidsprosjekt i 2024.

### **3.B.2.2.2. Menneskeverd og vern om skaparverket**

**Resultatmål: Kyrkja fremjar menneskeverd, fred, menneskerettar og vern om skaparverket**

#### **Indikator: Kvalitativ vurdering**

Det var i 2023 120 temagudstenester med fokus på miljø, internasjonal diakoni og /eller misjon mot 128 i 2022. Dette er 16% lågare enn i 2019 (144) og følgjer om lag same kurva som for gudstenestelivet elles.

#### **Vern om skaparverket – grøne kyrkjelydar**

Tal på grøne kyrkjelydar					
2018	2019	2020	2021	2022	2023
34	36	37	39	39	39

Talet på "Grøne kyrkjelydar" er det same som i 2021 og 2022. Satsinga på rekruttering av "Grøne kyrkjelydar" har i 2023 vore låg. Det er mykje som tyder på at det grøne perspektivet er blitt meir allment og difor har meir preg av å vera fornuftig berekraftig drift enn ei satsing. "Ressursgruppa for berekraft, miljø, forbruk og rettferd" har ikkje vore aktiv sidan pandemien.

### **FNs berekraftsmål**

Bjørgvin bispedøme har i sin strategi for 2021-24: «*Bjørgvin bispedøme skal vere aktiv pådrivar for berekraftig utvikling*» og både bispedømet og kyrkjelydane bidreg med både konkrete satsingar som direkte er med å realisera berekraftsmåla og med haldningsskapande arbeid ved å spreie kunnskap om berekraftsmåla.

Når kyrkjelydane i Bjørgvin bispedøme gjennom ei årrekke har vore engasjert i Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon er dei med i ei målretta satsing for å utrydde fattigdom og svolt (berekraftsmål nr. 1 og 2), sikre god helse, livskvalitet og utdanning (berekraftsmål nr. 3 og 4), skaffe rent vgn og gode sanitærforhold (berekraftsmål nr. 6), bidra til likestilling mellom kjønna og mindre ulikskap (berekraftsmål nr. 5 og 10), bidra til å bygge berekraftige byar og lokalsamfunn (berekraftsmål nr. 11), stoppe klimaendringane (berekraftsmål nr. 13) og samarbeide for å nå måla (berekraftsmål nr. 17).

Bjørgvin bispedømekontor har i fleire år vore Miljøfyrtårn og har på denne måten bidrige opp mot berekraftsmål 13 om å stoppe klimaendringane og berekraftsmål nr. 15: "Livet på land". Bispedømerådet satsar også på å rekruttere fleire "Grøne kyrkjelydar".

Under strategimål «*Det kyrkjelydsbyggjande arbeidet vert styrka ved å inspirere fleire til å bruke sine evner og gaver i friviljug teneste*» er bispedømet med å oppfylle berekraftsmål 3 og 11 då vi gjennom denne satsinga bidreg med fellesskap og omsorg som er med å førebygge einsemd og psykiske lidingar. Dette skjer mellom annan gjennom satsinga på frivillig teneste i kyrkjelydane.

### **3.B.2.2.3. Klima og miljørarbeid**

**Resultatmål:** Den norske kyrkja sine utslepp og miljøbelastning vert redusert.

**Indikator:** *Kvalitativ vurdering (BDR)*

Bjørgvin bispedømekontor er miljøfyrtårnsertifisert og har gått gjennom vår reisepolitikk på stabsmøte og brukar bildeleringen i Bergen for mange av våre reiser, med elbil der det går.

### **3.B.2.3. Samhandlar med organisasjonslivet, andre trus- og kyrkjesamfunn, offentlege, private og ideelle aktørar**

#### **3.B.2.3.1. Misjon**

**Resultatmål:** Samarbeid kyrkjelyd og misjon (SMM) vert styrka

**Indikator:** *Kvalitativ vurdering (BDR)*

**Misjon og vennskapssamarbeid**

SMM Bjørgvin har dei seinare åra arbeidd med korleis misjon skal sjå ut framover lokalt og internasjonalt. I ei tid der vestlege folkekyrkjer går ein del tilbake i oppmøte og engasjement, må vi lære av dei landa der sekulariseringa har kome endå lenger enn hjå oss. SMM-organisasjonane med kontakt og arbeid i ulike land har difor mykje å lære oss. Og det er også avgjerande i denne tida at organisasjonane kjenner godt til kvarandre og dei lærdommane den enkelte organisasjonen har fått med seg.

Misjon handlar om kyrkja sitt oppdrag, både ovanfor den verdsvide kyrkja og i alt arbeid ein gjer i kyrkja lokalt. Difor er impulsane frå den misjonale tenkinga viktig. Vi treng engasjement i lokalkyrkjelydane både for å kunne lukkast med kyrkja sitt globale oppdrag ved misjon og for å lukkast med å skape gode lokale fellesskap. Misjonstenking er ein ressurs for den lokale kyrkjelyden samtidig som den hjelper oss å halde på det store biletet; det globale oppdraget.

I dette arbeidet er misjonsavtale ei hjelpe. Organisasjonane har ein del ressursar som kyrkjelydane kan få del i gjennom avtalene og kyrkjelydane støtter med offer og gåver. Vi registrerer at gåvene frå kyrkjelydane ikkje held tritt med prisauken. Det er eit stort potensiale i å arbeide med givarteneste. Det er grunn for å tru at kollekt ved Vipps fører til høgare snittbeløp enn det var ved berre bruk av kontantar. Sjølv om det er blitt færre givarar har faktisk beløp halde seg ganske bra.

År	Misjonsavtalar	Område	Avtaler	Avtale %
2023	125	Afrika	52	40,3 %
2022	125	Asia	42	32,6 %
2021	131	Europa	15	11,6 %
2020	131	Mellom-Amerika	1	0,8 %
		Midt-Austen	16	12,4 %
		Sør-Amerika	3	2,3 %

Det var i 2023 125 misjonsavtalar i Bjørgvin knytt til SMM-samarbeidet (SSB-tal). Det er litt ulike tal frå SSB og det vi får rapportert via SMM-organisasjonane. Det har vore reduksjon i tal på sokn i Bjørgvin, og ein del sokn er så små at det ikkje er aktuelt å lage skriftlege misjonsavtalar. Ein del kyrkjelydar har avtaler med andre organisasjonar som ikkje er del av SMM-arbeidet. Dei landa som har flest avtaler er Mali (29) Thailand (20) Nepal (11) Estland (9). Hovudtyngda av avtaler er i Asia og Afrika (72,9%). NMS er desidert størst på avtaler, og resten av organisasjonane har mellom to og ti avtaler. Fleire kyrkjelydar har to eller fleire avtaler, med same (ulike prosjekt) eller ulike organisasjonar. 125 kyrkjelydar har avtale, men totalt avtaletal er høgare fordi nokon har fleire avtaler.

### 3.B.2.3.2. Vennskapsbispedøme

#### Resultatmål: Dnk synleggjer at ein høyrer til i den verdsvide kyrkja

Bjørgvin bispedøme vedtok i 2021 å starte venskapssamarbeid med den lutherske kyrkja på Cuba: *Iglesia Evangélica Unida sí nodo luterano* (forkorta IEU). Samarbeidet er koordinert gjennom Normisjon og handlar om gjensidig forbøn, nettkontakt, vitjingar, studiereiser og økonomisk støtte til løner. Kyrkjelydane i bispedømet vart bedne om å gi eit årleg offer til Cuba-samarbeidet, gjerne som ein del av ein «Cuba-søndag».

I diakonirådgjevar sin permisjon i 2022/23 vart det tilsett ein medarbeidar som koordinerte kontakten og hjelpesendinga til kyrkja på Cuba. Ein samla inn brukte syklar, klede, sko, symaskiner og motorsager som vart sendt i ein container til Cuba i første kvartal 2023, saman med basis matvarer og hygieneartiklar kjøpte for om lag 164.000 kroner av midlane samla inn i 2022.

Biskop, stiftsdirektør og nestleiar i bispedømerådet vitja venskapskyrkja på Cuba i mai 2022 saman med Normisjon sin landansvarlege for å konkretisere samarbeidet. Til innsetjinga av biskop Ragnhild i april 2023 inviterte bispedømet representantar frå venskapskyrkja på Cuba, ein prest frå Guantánamo saman med 5 unge vaksne frå kyrkjelydar i Guantánamo, Santiago de Cuba og Havanna.

Bispedømet har og eit vennskapssamarbeid med Southwark Diocese, Church of England, i London. Ein biskop frå Southwark deltok ved bispevigslina i april 2023. Biskopen besøkte Southwark og hadde samtale med biskopen som del av ein studietur saman med Sunnhordland prosti i august 2023. Hausten 2023 har ein gjennomført eit felles vidareutdanningskurs «Leading Ecclesial Growth and Change» saman med NLA, Møre bispedøme og deira vennskapsbispedøme Newcastle der 8 prestar frå Southwark og 4 frå Bjørgvin deltok.

### 3.B.2.3.3. Samarbeid med barne- og ungdomsorganisasjonar

#### **Resultatmål: Barne og ungdomsorganisasjonane deltar i kyrkjelydane**

Mange sokn melder om litt tunge tider for ungdomsarbeidet. Det som før fungerte har ikkje same gjennomslagskraft. Mange peiker på Covid-tida som ei forklaring. Ungdom er annleis enn før. Det er difor naudsynt å tenkje saman. Bispedømet har ei rolle å spele når det gjeld samarbeid og nettverk når det gjeld ungdomsarbeid. Det er viktig at det vært eit nettverk knytt til tema Ungdomsarbeid og ikkje yrkesgrupper.

Samarbeidsavtalen med KFUK- KFUM i Sogn og Fjordane gjekk ut og det var ikkje noko økonomisk rom for vidare samarbeid. Vi har nytta nokre midlar med å sende eit "miniteam" frå Samanteamet som har vore med nokre mindre konfirmantleirer. Det har fungert godt.

Det har ikkje vore noko samordningsmøte i 2023, men det vert eit møte i mars med alle barne- og ungdomsorganisasjonen. Tanken er å etablere eit regionalt råd av Samarbeidsrådet for barne- og ungdomsorganisasjonar, etter at Ungdommens kyrkjemøte tok opp den saka.

Pilotprosjekt i Bergen i samarbeid med KFUK-KFUM Bjørgvin og KFUK-KFUM Norge har kome godt i gang hausten med 6 pilotsokn. Det vert først og fremst arbeidd med tida etter konfirmanttida, og strategien til bispedømet om å skape "gode møteplassar". Det vart arrangert Camp Vestland for konfirmantar haustferien 2023.

#### *Utfordringar i lokalt samarbeid med organisasjonane.*

Ei utfordring for kyrkjelydane i samarbeidet med organisasjonar er kva ein gjer med medlemsskap i organisasjonen. To døme frå meldingar i planverktøyet i trusoplæringa:

**Døme frå Olsvik:** «Det er veldig positivt, spesielt for konfirmantarbeidet å ha dette samarbeidet (KRIK). Men vi har en utfordring i forhold til medlemskap for konfirmantane, rapportering om dette, dokumentering i forhold til frifondsmidlar osv.»

**Døme frå Os:** Der har ein eit nystarta barnekor som er innmeld som eining i KFUK-KFUM . Det står også at dei er med på barnekorfestival som KFUK-KFUM arrangerer, men dei

rapporterer at dei ikkje har noko samarbeid med organisasjonane. Så det at ein er tilknytt ein organisasjon treng ikkje føre til at dei sjølve opplever at dette skjer i samarbeid med organisasjonen.

Det første dømet er ei klassisk problemstilling. Korleis fører ein medlemskap for konfirmantar? Er ein sikker på alle konfirmantane veit at dei er medlemar t.d. i KRIK, viss ein har ein KRIK-aktivitet? Saman med Bergen kyrkjelege fellesråd har vi nøsta litt i dette med tanke på å få til tydelege samarbeidsavtalar. Vi er kjende med at LNU kjem snart med ei ny tilråding for frifond, og vi er og i dialog med KA som er tett på denne problemstillinga. Når det gjeld organisasjonane så har vi freista å vera tydelege bestillarar på at vi ønsker meir aktivitet og samarbeid etter konfirmanttida, samstundes vil vi også sjølve ha eit ansvar for å vera utøvarar, sidan dette må skje i sokna og ut frå dei ressursane ein har tilgjengeleg.

Sjølv om ein er medlem i eit lokallag, så treng ikkje det å bety at ein opplever at arbeidet skjer i samarbeid med ein organisasjon. Det er ofte dei tilsette i sokna som driv arbeidet, og slik må det nesten vera. Organisasjonslivet i Noreg er i stor endring og det gjeld også dei kristne organisasjonane. Vi treng at dei kan vera med å skapa gode arrangement og arenaer som kan skape fellesskap, og der ein kan møtast på tvers av soknegrensene. Dette gjeld både leiartrening og gode arrangement. Vi har også nokre gode døme på ein kombinasjon av samarbeid på tvers av sokna, og at ein drar på leir saman t.d. til KRIK nyttårsleir på Lillehammer. Vi må altså få til eit godt samspele som både tar vare på dei formelle sidene ved det å vera tilknytt ein organisasjon med eigen profil, organisasjon og organisasjonsnummer, samstundes må vi finna gode formelle samarbeidsavtaler som gjer at dette arbeidet har sin naturlege plass i soknet og skjer i tilknytinga til soknets strategi.

### 3.B.3 Kyrkja er meir for fleire

#### 3.B.3.1. Gir ein stad å høyra til, skapar gode møteplassar og fellesskap fysisk og digitalt

Motverkar utanforskap og utforskar nye måtar å vera kyrkje på

##### 3.B.3.1.1. Digital kyrkje

###### Resultatmål: Kyrkja sitt digitale nærvær aukar

**Økter og brukarar på heimesidene. Følgjarar og trafikk på Facebook.**

kyrkja.no/bjorgvin	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Økter	44000	53696	67047	48333	51718	
Unike brukarar	23979	27769	34958	30564	33300	

Vi har ikkje tilgang til statistikk for nettsidene for 2023.

###### Følgjarar på facebooksider

Etter at Ragnhild Jepsen vart innsett som biskop, oppretta ho profilen Biskop Ragnhild på facebook 18. april.

Denne profilen fekk raskt mange følgjarar og har om lag 1860 følgjarar ved årsskiftet. Innhaldet har variert mellom korte betraktningsar og hendingar biskopen har vore med på. Profilbildet fekk mange kommentarar, dette var rett etter vigslunga. Ein tidleg post som også fekk god respons, før ho hadde mange følgjarar, var ei helsing ho fekk med nokre glasenglar. Dette vart omtalt med ei kort, oppbyggeleg, betraktnings.

Av andre opplag med stor respons var eit bilde frå Festplassen i Bergen 16. mai med fokus på takk og omtale av regnvêret og at ho skulle halda tale der 17. mai. Vidare den første prestevigslunga, I Sunnfjord i strålande vêr. To postar med bøn om fred i Israel og Palestina fekk også merksemd.

**Bjørgvin bispedøme** sin eigen facebookprofil hadde ved årsskiftet 1264 følgjarar, dette er ein auke frå tidlegare (1039 følgjarar i 2022, 791 i 2021).

### 3.B.3.1.2. Universell utforming og inkludering

#### Resultatmål: Universell utforming av og i kyrkja vert styrka

##### Indikator: Kvalitativ vurdering

##### Inkluderande kyrkjeliv

Tilbod i kyrkjelyden for menneske med utviklingshemming					
2018	2019	2020	2021	2022	2023
44	47	42	44	43	52

Arbeidet for og med menneske med utviklingshemming har i 2023 vore prega av både konkrete tiltak i kyrkjelydane og kunnskapsbygging, fordi dette er eit felt som krev at det både vert arbeid med konkrete tiltak og haldningar. Nytt i år er det auka fokuset på fosterdiagnostikk og bioteknologi, særleg knytt til utfordringar og etiske dilemma knytt til aborttal av foster med påviste kromosomfeil.

Talet på tilbod for menneske med utviklingshemming er stabilt samanlikna med 2022 og den talmessige auken skuldast i nokon grad underrapportering i 2022. Tilboda til utviklingshemma handlar i stor grad om klubbarbeid, konfirmantundervisning «Konf+» og tilrettelagte gudstenester, men også andre lokale tiltak som julefesttradisjon der denne gruppa også er med.

Bispedømet styrker dette arbeidet gjennom samarbeid med Normisjon region Sogn og Fjordane og leiger inn ein 20% ressurs til inkluderingsarbeidet. Jostein Bildøy utfører dette.

Det var arrangert eit seminar i Sunnfjord med fokus på dialog og samtale med foreldre til barn og unge med utviklingshemming. Temaet var korleis barn og unge med utviklingshemming kan delta og bli involvert i trusopplæringa. Det vart for få påmeldte til at kurset let seg gjennomføre. Men det vart ein del respons og samtalar om seminartilboden, både innanfor og utanfor bispedømet. I Sogndal er det ein torsdagssklubb som samlast til sosiale samlingar med enkelt gudstenestleg innslag. I Stryn blir det på bedehuset årleg arrangert eigen julefest for og med menneske med utviklingshemming på bedehuset. Gjennom prostisamlingane i Sogn, Sunnfjord og Nordfjord der ny biskop vart ønska velkommen, var det og lagt inn i programmet innspel og refleksjon til arbeidet med menneske med utviklingshemming. I Førde er det gudstenester for og med menneske med

utviklingshemming, i tillegg til 10-kaffien som faste personar frå ressurscenter arrangerer kvar onsdag på Førde kyrkjetun.

I Hordaland og Bergen har ein eit etablert samarbeidet med Bergen kyrkjelege fellesråd (BKF) med vernepleiar Annette Lid Ussi som koordinator og ansvarleg for Konf+ på Åsane. og ressursperson for arbeidet i sokna Bergen. Gjennom denne stillinga er BKF fast representert i inkluderingsutvalet. Nasjonalt er Jostein Bildøy, Roar Strømme og Annette Lid Ussi med i det nasjonale nettverket for inkludering i kyrkja. Gjennom dette er dei og involvert i planlegging og gjennomføring av HEL-konferansen kvart tredje år. Roar Strømme bidrar elles med kurs og inspirasjon både lokalt og nasjonalt.

I Bergen er det fleire tiltak inkludert eit utstrakt klubbarbeid i mange sokn, til dømes i Åsane med Konf+ for konfirmantar og vaksne, supplert med temasamlingar og laurdagskafé for vaksne med utviklingshemmingar. Avtalen med «Helt med» om å legge til rette for arbeidsplassar for menneske med utviklingshemming i kyrkja har blitt løfta fram.

Vår vurdering er at det er behov for å legge til rette for samspel for framleis styrking av tilbod i kyrkjelydane. Bispedømet kan informere og inspirere, men arbeidet må forankrast lokalt. Det er viktig å minne kommunane om retten til trus- og livssynsutøving også gjeld utviklingshemma, og fortsette å tilby kurs om menneske med utviklingshemming og sorg.

### 3.B.3.1.3. Kyrkjelydsbygging - møteplassar og fellesskap

#### Resultatmål: Folkekirkja tilbyr ulike møteplassar og fellesskap

##### Indikator: Kvalitativ vurdering – gode historiar

Bjørgvin bispedøme har arbeidd jamt og trutt med vaksenundervisning eller trusopplæring for vaksne. Ei av satsingane har blitt kalla "Tid for tru" og er så langt blitt til tre ressurshefte med grundig metodisk rettleiing og med omfattande ressursar for å halde bibelundervisning for vaksne. Konseptet liknar på Alpha-kurset og inneheld mat, undervising og samtale i grupper. Hefta er utarbeidd av prest Bjørn K. Nygaard. Det første kom i 2014 og temaet var truvedkjenninga, i 2018 kom heftet om Filpperbrevet og i 2022 eit hefte om Første Korintarbrev. Hefta blir brukt i bispedømet, men også andre stader i landet, og inspirerer også til å drive undervisning med lokale ressursar. Vaksenundervisning kan vere kyrkjelydsbyggjande, og ny plan for kyrkjeleg undervisning vil fokusere meir på opplæring også for vaksne.

Fleire kyrkjelydar hadde tilbod om bibelgrupper, samtalegrupper eller bibelkurs i 2023 enn i 2019 og talet på deltakarar på bibelkurs var høgare enn på mange år.

Kyrkjeleg vaksenundervisning og fellesskap	2019	2020	2021	2022	2023
Bibelgrupper, samtalegrupper eller husfellesskap	66	62	62	66	68
Tal på grupper	226	207	211	196	189
Bibelkurs	21	26	22	22	27
Deltakarar bibelkurs	957	674	748	857	1093
Hadde kyrkjelyden andre opplæringstilbod?	35	19	26	35	30
Tal på grupper	165	100	115	87	92

Prosten i Fana melder: «Undervisning for voksne gjennomføres på ulike måter i soknene. Birkeland og Os har lang tradisjon for bibeltimer. Skjold og Søreide startet i 2022 et samarbeid, der en samles lokalt, men prestene veksler mellom egen menighet og

nabomenigheten. Slik har prestene de samme bibeltimene to steder og flere får glede av det som er forberedt. I 2023 er det til sammen ca 150 personer som benytter seg av tilbudene i våre menigheter.»


### 3.B.3.1.4 Frivillig teneste

#### Resultatmål: Fleire vert engasjert til frivillig teneste i kyrkja

Bjørgvin bispedøme sin strategi 3:

Det kyrkjelydsbyggjande arbeidet vert styrka ved å

- inspirere fleire til å bruke sine evner og gåver i friviljug teneste
- nytte systematiske verktøy i rekruttering og oppfølging
- fremje gjevarteneste



*Indikator: Tal på frivillige (splitta på i kva samanhengar), Kvalitativ vurdering, gode historier (SSB)*

Frivillige i Bjørgvin bispedøme	2019	2020	2021	2022	2023	Endring i % 2019-2023	Endring i % 2022-2023
<b>Totale tal på frivillige</b>	12 120	10005	9299	10359	<b>10876</b>	-10,3	5,0
<b>Gudstenesteplanlegging og gjennomføring</b>	4 503	3864	3507	4073	<b>4152</b>	-7,8	1,9
<b>Barnearbeid (0 - 12 år)</b>	2 486	1665	1410	1803	<b>1713</b>	-31,1	-5,0
<b>Ungdomsarb. (13 + år)</b>	2 061	1447	1411	1600	<b>1420</b>	-31,1	-11,3
<b>Diakonalt arbeid</b>	2 076	1813	1654	2270	<b>2022</b>	-2,6	-10,9
<b>Kunst- og kulturarbeid</b>	2 053	1536	1440	2011	<b>2202</b>	7,3	9,5
<b>Komitéal og utval</b>	2 927	2816	2699	2821	<b>2968</b>	1,4	5,2
<b>- av dette i sokneråd</b>	1 661	1491	1366	1406	<b>1659</b>	-0,1	18,0
<b>I anna frivillig arbeid</b>	1 846	1550	1378	1591	<b>1457</b>	-21,1	-8,4

Samla tal på frivillige i Bjørgvin bispedøme viser ein auke på 5%, men det er likevel 10,3% under nivået for 2019 før pandemien. Det er frivillige i gudstenesta, i kulturarbeid og komitear som har auka. Det siste kan kanskje forklaraast med at det var kyrkeval med mange valkomitear i 2023. At talet på soknerådsmedlemer aukar må skuldast underrapportering tidlegare år, men det er likt med valåret 2019. Diakonifeltet hadde ein auke i 2022 og går no litt tilbake og er på 2019-nivået. Det tydar på at det har vore dette arbeidet som har vore lettast å starta opp att etter pandemien.

Det er verdt å merke seg den store nedgangen i forhold til 2019 i talet på frivillige i kategoriane Barnearbeid (0 - 12 år) og Ungdomsarbeid (13+år). Her er nedgangen på heile 31,1% prosent og det er ein nedgang på 5% og 11% frå i fjar som tydar på at mange av dei som var med før pandemien har gitt seg. Ei forklaring er at kohorten av dei som engasjerar seg er blitt mindre, fordi dei er blitt eldre og naturleg trappar ned utan at ein har makta å inkludera nye i arbeidet. Dette er ei stor utfordring både for trusopplæringa og for korleis ein arbeidar med frivillige uløna medarbeidarar.

### Vurdering og analyse - vegar vidare

Når frivillige ikkje lenger berre dukkar opp, treng kyrkjelydane hjelp til både å tenka rett om kyrkjelydsfellesskap og frivillig teneste og korleis dei konkret skal ta vare på og rekruttere frivillige. Bispedømet hadde ei satsing på arbeid med frivillige i 2022 og distribuert vårt nye og reviderte hefte om frivillig arbeid: «*Våge, tru og bevege – om frivillig teneste i kyrkjelydane*» til sokna og dei tilsette. Men dette er eit langsiktig arbeid og det vil framleis vera trond for at bispedømet gjennom kursing og opplæring av sokneråd og tilsette intensivere arbeidet med rekruttering og oppfølging av frivillige.

### 3.B.3.1.5. Fellesskap for nye i Noreg og flyktningearbeid

**Resultatmål: Fleire kyrkjelyder tilbyr fellesskap til nye i Norge.**

**Indikator: Tal på kyrkjelydar med tilbod i samband med integreringsarbeid**

Tilbod retta mot innvandrarar			Tilbod retta mot andre utsette grupper		
2021	2022	2023	2021	2022	2023
16	38	44	7	18	20

Det er ein auke i talet på sokn som har integreringstilbod og då særleg med tanke på tilbod retta mot innvandrarar. Talet på tilbod retta mot andre utsette grupper viser også ei positiv utvikling.

Prostane melder om mange gode tiltak retta mot flyktningar og innvandrarar. I 2023 har det naturleg nok vore særleg fokus på ukrainske flyktningar.

Her tar vi med døme frå nokre av prostia:

Bergensdalen prosti: Soknepresten i Årstad skriv: «Også i 2023 har våre diakonimedarbeidere arbeidet med språk-kafe, middager og ikke minst julefeiring. Vi er heldige og har medarbeidere fra Russland og Polen som kan snakke med ukrainske flyktninger, og har derfor hatt arbeids- og språktrening for en del i samarbeid med NAV.»

Nordhordland prosti: «Friviljuge i Alver tok initiativ til å invitere til julefest både i Knarvik og i Masfjorden i januar 2023. Flyktningar og særleg dei frå Ukraina vart ynskt velkomne. Over 300 svarte ja på desse invitasjonane.»

Sogn prosti: «Hausten 2023 starta Nedre Årdal sokn med kafé i kyrkjelydshuset på Årdalstangen. Kaféen er open kvar tysdag frå kl. 12.00 til 14.00. To tilsette ber hovudansvar, og innimellom er det med frivillige som bakar eller hjelper til. Utsalsprisane er sett så lågt at det skal vere tilgjengeleg for alle. Det har blitt etablert eit samarbeid med skulen, slik at elevar som ynskjer praksisdagar hjelper til på kafeen, noko som har skapt trivsel. Mange nye sambygdingar frå Ukraina nyttar seg av tilbodet, så Google translate blir mykje brukt på kaféen. Gjennom kaféen ser dei at det er mogleg å skape gode og nye relasjonar også mellom mangeårige sambygdingar og kyrkjelydslivet. Tilbakemeldingane viser at det er eit stort behov for å ha ein sosial arena på dagtid, mange fortel at kafeen allereie betyr mykje for

*dei. Presten og kyrkjelydspedagogen er nesten alltid til stades og har moglegheit til å slå av ein prat.»*

### 3.B.3.1.6 Nyskaping og innovasjon

#### Resultatmål: Kyrkja bidrar til nyskaping og innovasjon

##### Indikator: Prosjekt vi gir innovasjonsmidlar, kvalitativ vurdering

Som førebuing til dei to store jubileuma for Moster 1024 og Magnus Lagabøtes landslov 1274 vart 2023 prega av arbeidet med å planlegga samlingar og utarbeide materiell i samband med dette, som vi håper kan nyttast i skule og i kyrkjeleg samanheng på landsplan.

Kyrkja sitt digitale nærver vert stadig viktigare, ein har difor saman med kyrkjerådet brukte ressursar på ein TV-produksjon "Hendelsen som forandret Norge" med 3 Youtube-videoar på 20 min og undervisningsmateriell. Målet er å synleggjera dei kristne verdiane om ligg i endringa med kristne lovgjeving. -> sjå 3.B.1.2.1. Kyrkja i det offentlege rommet

### 3.B.3.1.7. Kyrkja er synleg i lokalsamfunnet

Bjørgvin bispedøme sin strategi 5:

Kyrkja er synleg i lokalsamfunnet ved å

- møte folk der dei er i livet og skape inkluderande fellesskap
- samverke med lokale aktørar
- vere aktiv pådrivar for berekraftig utvikling



Kyrkja har eit stort potensiale til å skapa møteplassar fordi ho i prinsippet er relevant for alle generasjonar. Dei mange babysong-gruppene er eit godt døme på å møta folk der dei er i livet og skape inkluderande fellesskap. Talet på kyrkjelydar som tilbyr babysong, ser ut til å ha gått litt ned det siste året, men talet på deltagarar har auka frå 3741 til 4305.

Det same er tilbod av typen «middag i kyrkja», ofte med småbarnsfamiliar som primærmålgruppe. Nytt i statistikken for 2023 er spørsmålet om kyrkjelyden har organiserte, faste middagsfellesskap. Det svarte 43 sokn at dei har.

Nokre kyrkjelydar er godt synlege på ulike kommunikasjonskanalar. Det er mange kyrkjeblad i bispedømet som når ut til mange i lokalsamfunnet med eit innhald som til dels kan vera nokså sterkt prega av kyrkja sine aktivitetar, men det er også eksempel på stoff som angår dei i lokalsamfunnet som ikkje er opptekne av livet innanfor kyrkja sine vegger. Nettsider og sosiale medium krev ressursar, nokon klarer prioritera dette, men det er eit stort potensiale i å bli betre og meir synlege. Her bør ein sjå om det er råd å samarbeide over soknegrensene. Plakatveggene er ikkje heilt borte frå lokalsamfunna våre og bør brukast, konkurransen er ikkje så stor frå andre aktørar.

Arbeidet for ei berekraftig utvikling og fokus på klima og rettferd kan gjerne bli sterkare.

### 3.B.3.1.8. Digitale verktøy

#### Resultatmål: Kyrkjja sine verktøy for digital samhandling vert utnytta

##### Indikator: Tal på kyrkjelydar som brukar Skjer i kyrkjja

I Bjørgvin er det no 140 einingar som legg ut arrangement på skjerikyrkjja.no, 14 av desse er fellesråd. Dette er ein auke frå 2022, då tala var 124 og 10.

##### Digital møteverksemnd

Vi ser også både bispedømekontoret, prostane og prestane og mange stabar brukar digital kommunikasjon som Microsoft Teams til møter. Bispedømet sine rådgjevarar har brukar Teams og Zoom for både kurs og samtalar. Både Sogn prosti og Nordfjord prosti har hatt tekstsamtale for prestane på Teams. Alle prostesamtalane med kyrkjefag i 2023 var på Teams og mange av dei interne møta har vore hybridmøte der deltakarar kan vera med digitalt og unngå reiser eller kan vera med sjølv om dei er andre stader.

### 3.B.3.1.9 Deltaking i kriseteam og beredskapsråd

#### Resultatmål: Kyrkjja si rolle i sivilsamfunnet vert styrka

##### Indikator: Deltaking i kommunale kriseteam. Deltaking i fylkesberedskapsråd.

##### Kvalitativ vurdering

Bispedømet deltek i fylkesberedskapsrådet med domprosten og med personalrådgjevar som vara. Det er nær kontakt med Bergen kommune om dei endringane som har skjedd på det kommunale området. I distrikta er ofte kontakten tettare, og slik sett er samarbeidet godt fungerande, og kyrkjja inkludert. I mars 2023 gjennomførte bispedømet eit digitalt kurs, sendt frå bispedømekontoret, for om lag 20 prestar som vil kunne trå til ved større kriser, og som får fornya og auka kompetanse. Kurset, og ein blogg er utvikla av domprosten i samarbeid med ressursar på dette området, knytt til fagmiljøet på universitetet i Bergen.

Når det gjeld deltaking i kommunale kriseteam melder prostane at det varierer. Nokre stader er prestane med, andre stader ikkje. Dette varierer med måten kommunane organiserer seg på og kva andre ressursar dei har i sitt kriseteam, t.d. psykologar. Det synes å vera ein tendens til at der ein har omorganisert, t.d. ved kommunesamanslåing, fell presten ut. Det er generelt gode tilbakemeldingar på prestane sin innsats i kriser og etter ulukker med open kyrkje og liknande tiltak.

### 3.B.3.2. Skaper ein mangfoldig, rekrutterande og inkluderande arbeidsplass

#### 3.B.3.2.1. Trivsel og arbeidsfellesskap

#### Resultatmål: Kyrkelege medarbeidarar trivst i jobben og har eit inkluderande og likestilt arbeidsfellesskap

##### Indikator: Sjukefråvær

	%	1-3 dagar	4-16 dagar	>16d
Bjørgvin	2,91 %	0,25%	0,19%	2,00%
Kvinner	7,78 %			
Menn	0,21 %			

\*Sjukefråværstala er henta i frå SD Worx. Fråværstala er rekna på bakgrunn av mogelege dagsverk. Skilnader mellom kvinner og menn i tal sjukefråværsdagar var ikke tilgjengeleg frå SD Worx.

Bjørgvin har hatt eit sjukefråvær på 5,52% for prestetenesta i 2023. Det er ein reduksjon frå 2022 i prestetenesta (6,29%).

Sjukefråvær Bjørgvin presteskapet og administrasjonen:

Årstal	2021	2022	2023
Sjukefråvær	1,38 %	4,68 %	2,91 %

Det er framleis noko sjukefråvær som er relatert til covid-19, - både på langtidsfråvær og kortare fråvær. Fråvær vert følgt opp i samsvar med rutinane i handbøkene.

### **Likestilling, inkludering og mangfold**

Det er utarbeidd og vedtatt eit forventningsdokument og ein handlingsplan for Den norske kyrkja når det gjeld arbeid med *Likestilling, inkludering og mangfold* (LIM). Med utgangspunkt i inkluderingsdugnaden og nemnde handlingsplan har Bjørgvin bispedøme hatt nådd måla på følgjande punkt:

- Personar med hol i CV'en vert innkalla på intervju
- Det har vore tilrettelagt for tilsette med nedsett funksjonsevne
- Opplæring i inkludering, likestilling, og mangfold

Eit døme på det siste er det jobbast med møteplan for LIM-dagar i kvart prosti. LIM-dagane skal gjennomførast i 2024, der tilsette i begge arbeidsgjevar-linjene skal innkallast.

### **Presteteneste**

#### **Delmål: Den norske kyrkja skal vera ei landsdekkande, lokalt forankra folkekirkje**

##### **Kyrkjelege handlingar pr prest**

I 2023 hadde vi 48,6 gudstenester per prest, ein nedgang frå 50,6 i 2022, men ein auke frå pandemiåra med 48 i 2021 og 44 i 2020. I normalåret 2019 hadde vi 53 og i 2018 51.

Det er ein nedgang på gravferder per prest og vigsler per prest, medan det er ei auke i talet på konfirmantar og dåpshandlingar per prest. I snitt er det då 82 gudstenester og kyrkjelege handlingar per prest.

	Prestar	Konfir-mantar	per prest	Vigsler	per prest	Grav-ferder	per prest	Dåps-handlingar	per prest
<b>2023</b>	155,5	4 844	31,2	788	5,1	4 386	28,2	3646	23,4
<b>2022</b>	154	4 730	30,7	938	6,1	4 688	30,4	4123	26,8
<b>2021</b>	156,5	4877	31,2	595	3,8	4247	27,1	3899	24,9
<b>2020</b>	154	4 944	32,1	558	3,6	4189	27,2	3544	23
<b>2019</b>	155,15	5 102	32,9	748	4,8	4152	26,8	4126	26,6
<b>2018</b>	152,6	5 220	34,2	847	5,6	4259	27,9	4261	27,9
<b>2017</b>	152,15	5 247	34,5	885	5,8	4190	27,5	4503	29,6

## **Prestedekning**

Vi har i 2023 171 presteårsverk. Dette inkluderer også prostar og biskop. Av desse er 9 spesialprest på institusjon eller studiestad. 11 prostar gjer 50 prosent presteteneste. Det gjev 155,5 årsverk i kyrkjelydsteneste.

I tillegg har vi hatt mange vakansar. Vi har forholdsvis god tilgang på vikarar, mykje takka vere pensjonerte prestar. I om lag halvparten av dei vakante stillingane har vi hatt faste vikarar. Det har vore ein auke i bruk av vikarar og enkelttenester heilt frå 2018, og dette har auka vidare også i 2023. Vi vil peike på ei litt usynleg side av dette som handlar om tilrettelegging. Både lokal prest og prost får eit meirarbeid når det er mange vikarar inne. Det blir difor ein slitasje over tid, når det er mange vakansar. I nokre prosti gjeld dette også stillingane i fellesrådslinja. Det er difor satt ned eit arbeid for å sjå på dette.

## **Aldersfordeling og stillingskategoriar faste og vikarar**

Tilsette pr 31.12.2023

Aldersfordeling	39 år og yngre	40-49	50-59	60 +	Totalt
Prostar + biskop	0	4	4	4	12
Prosti- og seniorprest	4	1	3	4	12
Spesialprest	6	1	6	3	16
Sokneprest	9	24	38	32	103
Kapellan	12	4	3	0	19
<b>Totalt</b>	<b>31</b>	<b>34</b>	<b>54</b>	<b>43</b>	<b>162</b>

Tala er henta frå Aditro Sdworx

## **Vurdering av bemanningssituasjonen**

Bjørgvin bispedøme har høg gjennomsnittsalder på presteskapet. Det er positivt at det er fleire yngre søkjrarar i 2023, då to tredjedelar av presteskapet vert pensjonistar i løpet av dei neste 20 åra. Rekruttering til prestetenesta må vera langsiktig då utdanninga tek tid..

Vakansar i Bjørgvin vert handtert ved at fleire unge under utdanning samt pensjonistar hjelper til.

## **3.C. Mål på område innanfor biskopens verksemd**

### **3.C.1 I biskopens sokelys**

#### **Kvalitetsutvikling på visitasar**

I 2023 var det ingen visitasar, men ein bli-kjent-turne til alle 11 prosti med møte med tilsette på dagtid og gudsteneste.

Det vart starta eit arbeid for å legga opp ein ny mal for visitasar. Vår vurdering er at gjeldande mal for visitasar har fungert godt med dei lokale tilpassingar som vert gjort saman med lokal stab, prost og bispekontor, men at tida er mogen for ein revisjon fordi mykje har endra seg i forholdet mellom samfunn, skule og kyrkja. Biskopen sitt tilsyn skal utøvast med større vekt på tilsyn for alle yrkesgrupper og dette må speglast betre i visitasen. Planen er å la eit møte med alle tilsette og med sokneråda inngå i visitasen og at biskopen kjem attende

til kvart prosti annakvart år. Då kan visitasane fungere som inspirasjon og strategiarbeid på ein annan måte enn når det er 15-17 år mellom kvar visitas.

### 3.C.2 Forvaltning av saker knytt til kyrkjeordning for Den norske kyrkje

Biskopen sine saker knytt til forvaltning av kyrkjer	2018	2019	2020	2021	2022	2023
<b>Ombygging av kyrkjer – to saker var knytt til universell utforming</b>	21	11	17	22	31	15
<b>Bygging i kyrkja sine omgjevnadar (uttale frå biskop)</b>	7	13	8	10	13	8
<b>Kyrkjeketstil</b>	16	11	2	16	8	6
<b>Inventar (inkludert liturgisk utstyr og kyrkjecunst)</b>	4	9	6	9	8	11
<b>Benkar/stolar</b>	5	6	1	8	7	4
<b>Tekniske installasjonar (lerret, lyd, ljos, varme) Sju av desse var varmepumper, ei solceller</b>	9	10	4	0	11	12
<b>Andre saker, bl.a. brannvarslingssystem</b>	3	6	6	6	5	1
<b>Medlemskap</b>	4	90	1	2	5	68
<b>Felles sokneråd</b>						3
<b>Fråsegn til kommunale planar, reguleringsplanar m.m.</b>	16	7	10	10	20	5
<b>Bispedømerådet har hatt følgjande saker knytt til forvaltning av kyrkjeordninga</b>						
<b>Lån</b>				-	-	1
<b>Bruk av kyrkjefond</b>						2

# IV: Styring og kontroll i verksemda

## Overordna vurdering av verksemda si styring og kontroll

**Hovudmål:** Løyvingane til prestetenesta har som mål at alle kyrkjelydar i Den norske kyrkja skal ha fast geistleg betening, slik at tenesta er nærverande i alle lokalsamfunn. Alle sokn skal vera betent av ein eller fleire prestar.

Bjørgvin bispedømeråd nyttar mål- og resultatstyring som sitt grunnleggande styringsprinsipp. Tildelingsbrevet og årsplan dannar grunnlaget for prioriteringar i arbeidet.

Bispedømerådet vurderer at samla måloppnåing er god, ut frå dei rammevilkåra som har vore gjeldande. Samla vil vi meine at bispedømerådet har nyttat tildelinga godt både innan prestetenesta og administrasjonen. Unytta midlar knytt til vakansar i prestestillingar har vore nyttat strategisk inn mot prosjekt som tydeleg har som mål å auke rekrutteringa på lang sikt. Bispedømet si langsigtige, strukturerte satsing på ungdomsarbeid er også ein del av dette.

Det vert samstundes arbeidd med risikoanalysar for ulike sider ved verksemda. Den overordna, årlege risikovurderinga, syner at risikobildet ikkje er kritisk, men at vi har nokre særlege utfordringar:

- Oppslutning rundt dåp er fallande over tid, og krev merksemd.
- Rekruttering til prestestillingar og andre kyrklelege stillingar er låg. Når mange prestar går av med pensjon dei nærmaste åra, så vil dette bli kritisk om ein ikkje får endra trenden.
- For få tilbod til ungdom vil svekka kyrkja på sikt.

Leiinga sin årlege gjennomgang av status på styring og kontroll viser at system, rutinar og prosessar gjennomgående fungerer godt. Følgjande punkt er vurdert spesielt:

- Verksemda si evne til å oppnå fastsette mål i tråd med Den norske kyrkja sitt oppdrag.
- Verksemda si evne til å oppfylle overordna krav om effektiv ressursbruk.
- Om sentrale risikofaktorar er innanfor akseptabelt nivå.

Det har vore arbeidd tettare opp mot styret i Kyrkjeverjelaget i 2023. Dette vil vi vidareutvikle for 2024. Vi ser at tett dialog rundt ulike satsingsområda og samla styring på ressursbruk kan gje betre måloppnåing på sikt.

Gjennomgang viser at tiltak som er gjennomførte verkar fungere, og vil bli følgjt ytterlegare opp for perioden 2021-2024.

## 4.A. HMT/Arbeidsmiljø

Det overordna målet for arbeidet med Helse, miljø og tryggleik (HMT) i Bjørgvin bispedøme:

**Tilsette i Bjørgvin bispedøme skal ha eit arbeidsmiljø i tråd med AML §1 –1, og som medverkar til at medarbeidarane kan utføre kyrkja sitt oppdrag på ein god måte.**

### Delmåla i HMT-handlingsplan for Bjørgvin bispedøme

- 1.1 Trygt og helsefremmande arbeidsmiljø
- 1.2 Verksemda skal vere prega av eit systematisk helse-, miljø- og tryggleiksarbeid.
- 1.3 Vi har eit arbeidsmiljø med moglegheit for utvikling og trivsel
- 1.4 Vi har eit arbeidsmiljø der involvering og medverknad står sentralt
- 1.5 Vi har eit arbeidsmiljø som tek ansvar når det gjeld vern om skaparverket

For å ivareta og nå det overordna målet for arbeidet med HMT i Bjørgvin bispedøme vart det planlagt a) HMS-dagar i alle prostia, b) samling for lokale verneombod, c) samling for hovudverneombod, d) stiftsdagar for alle kyrklelege tilsette i februar 2024 e) sikre gjennomføring av vernerundar i alle sokn.

Nokon prosti har hatt HMS-dagar, medan andre ikkje. Vi har hatt to faglege samlingar for lokale vernebod. I løpet av dei to samlingane blei alle fullverdige verneombod. Hovudverneombod har delteke på årleg samling og kurs. Stadig fleire sokn gjennomfører vernerundar. Vi ser at størrelsen på fellesrådet har noko å seia for evne til å gjennomføre vernerundane.

Ved nærmare gjennomgang vart det planlagt fleire tiltak for å sikre dei ulike delmåla. For å nå delmål 1.1 har alle samordningsavtalar for HMS-arbeidet mellom Bjørgvin bispedømeråd og fellesråda blitt samla inn. I tillegg har sjukefråvær og oppfølging av sjukefråvær vore faste sakar på RAMU.

For å nå delmål 1.2 har vi klart å auke bruken av MittVarsel og avvikssystem blant prestane. Bruken av MittVarsel blitt lenka til på Bjørgvin sin heimeside. Vi har følgeleg teke i mot to varsel i 2023 mot fire varsel i løpet av 2022 då MittVarsel vart introdusert. På bakgrunn av tal på varsel og avvik, må vi stadig må arbeida for at prestane og andre skal ha kjennskap og tillit til våre rutinar for varsling. Alle avsendarar har fått svar om at vi har teke i mot varsel/avvik og dei er behandla i medhald av våre rutinar.

ABV har vorte prioritert for å nå delmål 1.3. Personalprest har regelfaste ABV-møte med prestar.

Leiinga har eit godt samarbeid med hovudverneombod og stiftsstyreleiar. Det gjennomførast fire Kontaktmøte/RAMU på regionalt nivå årleg.

Vi har lykkast godt med delmål 1.5. Gode retningsliner på reiser og reiserekning har gjort det enklare å redusere utslepp og få til fleire digitale møte. Fleire bruker meir miljøvennlege alternativ for reise og fleir kjenner til retningslinia.

Sjukefråvær er omtalt i kap. 3.B.3.2.1.

## *Miljøfyrtårn*

Bjørgvin bispedøme vart resertifisert som Miljøfyrtårn i mars 2023

- Kontorhandboka er digitalisert og blir halden oppdatert
- Arbeidet med miljøfyrtårn etter resertifiseringa er framleis med på å kvalitetssikra arbeidet med HMT
- Kontinuerleg arbeid mot FNs og Kirkens berekraftsmål

## *Systematisk HMT-arbeid*

Medverkinga vert ivareteke ved at det blir gjennomført fire kontaktmøte/RAMU på regionalt nivå årleg.

Introduksjonsprogrammet («onboarding») som vart utarbeida i 2022 er implementert og fungerar etter intensjonen.

Systematisk HMT-arbeid har også blitt ivareteke gjennom at alle fellesråd i Bjørgvin har vedteke og signert avtale om samordning. Arbeidet med å følgje opp avtalen om samordning har byrja og det har vore løfta fram på samlingar og kurs med fellesråd og kyrkjeverjer.

Arbeidsmiljøet i nokre prosti har hatt spesiell merksemd. Det krev og tett samhandling med fellesrådet, og vi har nokre døme på at små fellesråd blir for sårbar i å handsama utfordingane ein står i. Det er og sårbart når vi har vakanse eller lengre sjukemelding på prost. Vi har difor måtte sjå på korleis ein handsamar desse utfordingane.

Klima har òg vore i fokus i 2023. Tilsette i administrasjonen følgjer no dei nye reisepolicyane til rDnk og registrerer dette via G travel. Tilsette har og fått eit meir medvite tilhøve til bruk av Teams der det er naturleg.

Når det gjeld LIM så er det ei auka merksemd på korleis ein lukkast best mogleg på dette, og det er planlagt kurs i 2024 som skal nå ut i alle prostia, men dette har blitt utsett grunna mange andre prosessar som har kravd merksemd. Bjørgvin har mellom anna hatt eit Kvinnenettverk, der styret har hatt gode faglege opplegg på samlingar. Dette har vore eit godt tiltak dei siste åra, men framover vil det vere viktig å løfte denne kompetansen inn på arenaer for alle tilsette. Dette gjeld for heile LIM-feltet.

## **Andre tiltak**

### *Personalpresten*

Eit viktig tiltak for å betre arbeidsmiljøet og gje mot i tenesta er det arbeidet personalpresten gjer gjennom samtalar med prestane og gjennom m.a. å legga til rette for retreat, åndeleg rettleiing og arbeids-rettleiing (ABV).

### *Retreat og åndeleg rettleiing*

Retreatarbeid i Bjørgvin bispedøme har i 2023 halde fram samarbeidet med Haraldsplass diakonale stifting om Retreat Bergen. Om lag ein kveld i månaden er det kveldsretreat på "Søsterhjemmet" på Haraldsplass. I ei av vekene i faste- og adventstida har ein retreatsamlingar som går over to kveldar.

Bispedømet har i 2023 halde fram med tilbodet om åndeleg rettleiing. Fleire medarbeidrarar i bispedømet er utdanna åndelege rettleiarar, og det vert lagt til rette for at dei som ynskjer tilbodet kan møte ein av desse. Dei åndelege rettleiarane vert òg følgde opp. Dei får rettleiing på arbeidet dei gjer, og har tilbod om sjølv å gå i åndeleg rettleiing.

Våren 2023 avslutta 14 medarbeidar i Bjørgvin - sju av dei prestar - eit etterutdanningskurs i åndeleg rettleiing. Tilbodet var initiert av Bjørgvin bispedøme og utarbeidd i samarbeid med NLA høgskulen. Tilbakemeldingane frå deltakarane var gode, og nytt kurs no knytt til EVU-systemet starta opp på nyåret.

Å legge til rette for retreat og åndeleg rettleiing er viktige signal om verdien av desse tilboda. Den gode responsen på tilbodet om kurs i åndeleg rettleiing syner at tilbodet imøtekom noko medarbeidrarar etterspør. Retreat og åndeleg rettleiing betyr mykje for motivasjonen og arbeidsgleda til dei som nytta seg av tilboda.

### *Arbeidsrettleiing (ABV)*

I 2023 har talet på grupper og deltakarar i ABV-gruppene i Bjørgvin bispedøme auka. Totalt har 15 grupper vore i aktivitet med til saman 89. 68 av deltakarane har vore prestar, 9 kyrkjeverjer, 8 diakonar, 1 kateket og 3 kyrkjelydspedagogar. Av dei 15 gruppene har det vore:

- 9 tverrfaglege grupper
- 1 seniorgruppe
- 2 grupper for prostar
- 2 grupper for kyrkjeverjer
- 1 gruppe for ABV-rettleiarane med rettleiing på rettleiing

I hovudsak er samlingane i ABV-gruppene fysiske, men erfaringane frå pandemi-tida med nettbasert ABV er så gode, at fleire av gruppene har halde fram med å ha nokre samlingar på Teams.

Fleire prestar har og hatt individuell rettleiing over kortare eller lengre tid, eller vore med i ordninga med å ha ein mentor. Ordninga med mentor er i hovudsak for dei som er nye i tenesta. Mentoren er ein røynd kollega ein kan samtale med om spørsmål og utfordringar i tenesta.

Alle ABV-gruppene i Bjørgvin er opne og kontinuerlege. Det betyr at gruppene består, medan deltakarane i gruppene over tid vil skifte. Når ein blir med bind ein seg for to år, og sidan for eitt år om gangen. Det varierer kor lenge ein er med i gruppene, men mange er med i gruppene over lang tid.

I 2023 har det vore 8 medarbeidrarar med arbeidsrettleiarutdanning (AVU) i aktiv teneste i bispedømmet. 5 av desse har leia ei eller fleire grupper. Rettleiarane vert fylgd opp fagleg. Dei får rettleiing på arbeidet dei utfører, og møtest til ein årleg fagdag. Vi har og tre medarbeidrarar som går treårig arbeidsrettleiarutdanning frå 2022 –2025 (AVU).

Bispedømet har og ei styringsgruppe for ABV-arbeidet med medlemmer frå begge arbeidsgjevarlinene.

Godt og vel ein tredjedel av prestane i Bjørgvin har i 2023 vore med i ei ABV-gruppe. I tillegg eit aukande tal av fellesrådstilsette. Tilbakemeldingane og fortellingane om verdien av å vere med i ABV er mange både frå deltakarar og rettleiarar. ABV er eit av dei viktigaste HMT- og personalutviklingstiltaka vi har!

## 4.B. Likestilling

Bjørgvin har som mål å «Motivere og leggje til rette for at fleire kvinner søker teneste som prestar i kyrkjelydane og leiarstillingar i kyrkja». Det er ulikt korleis dette ser ut i dei ulike prostia. Vi har framleis nokre prosti der det er få kvinner, mens det er og nokre prosti som har ein balansert fordeling. Arbeidsgjevar har i mange år lagt til rette for at kvinnelege arbeidstakrar kan bli med i eit kvinnenettverk som samlast to gonger i året. Dette er særleg viktig for dei som arbeider i eit prosti med få kvinnelege kollegaer.

### *Indikator 1: Kvinneandel – søknadar og tilsettingar 2023*

Tal søknadar	Frå kvinner	Prosent kvinner av dette	Tilsettingar	Kvinner av desse	Prosent kvinner av dette
49	17	35%	22	10	45,5%

Dei siste åra har ein konsekvent tilsett fleire kvinner enn kvinneandelen av søkerane, dette har resultert i ein auke i tilsettingar av kvinnelege søkerar samanlikna med mannlege søkerar. Administrasjonen vil, saman med fagforeiningane, arbeide vidare med å sikre ein auke i talet på kvinner i prestestillingar.

	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022	2023
Kvinnelege søkerar	28 %	45 %	20 %	23 %	48 %	45 %	22 %	35%
Kvinner tilsett	33 %	50 %	33 %	24 %	27 %	56 %	27 %	45,5%

Bispedømet ynskjer fleire kvinner til leiande stillingar.

### *Indikator 2: Kvinneandel i leiistarillingar, biskopar og prostar, bispedømekontoret*

Bjørgvin	Kvinner	Menn	Totalt	Prosent kvinner
Administrasjonen	2	2	4	50
Presteskapet	3	8	11	27

Når det gjeld kvinnedelen i leiistarillingar i presteskapet ligg Bjørgvin bispedøme under landsgjennomsnittet. Det inneber at bispedømerådet må halde fram med å arbeide for å auke kvinnedelane i bispedømet, noko ein har eit tydeleg fokus på.

## 4.C Vurdering av internkontroll

**Internkontroll:** Bjørgvin bispedømeråd har vurdert eigen internkontroll som tilstrekkeleg og god. Det har blitt følgd opp med eit arbeid med å systematisere dette ut frå nye rutinar i det nye rettssubjektet. Vår vurdering er at transparens og tillit er hovudelementa i vår internkontroll. Vi vurderer det slik vi har ein kultur med låg terskel for å ta opp avvik. Dette er vesentleg. Samstundes har vi sett at vi kan bli betre på dokumentasjon på at rutinar er følgt og er kjent.

Bjørgvin bispedøme hadde i 2021 ekstra fokus på opplæring av prostane. 2022 har vore prega av ein del sjukemeldte nøkkelpersonell som har forsinka nokon opplæringsprosessar. Vi har fornya kompetanse i HR-avdelinga for å betre kunne følgje opp det systematiske HMT-arbeidet, gjennomgå rutinar ved prosjektstyring og samarbeidsavtalar med fellesråda. Dette har danna grunnlag for auka tiltak for forbetring og læring i 2023. Vi har også hatt internrevisjon og gjennom det fått satt merksemd på nokre områder vi kan forbetra.

Vi vurderer også eigen beredskap som god med omsyn til handtering av moglege tryggleiksutfordringar innanfor våre ansvars- og myndigheitsområde. Planverk ligg føre, og vi vurderer at rutinane fungerer etter intensjonen. Det vil bli ei auka merksemd på å gjennomgå planverk og å øve på ulike scenario i 2024/25, særleg med vekt på beredskapsplanar og samspel med ulike andre samfunnsaktørar.

# V: Vurdering av framtidsutsikter

---

Bjørgvin bispedøme vil ha god evne til å kunne nå fastsette mål også i åra som kjem. Det er samstundes fleire forhold både i og utanfor eiga verksemd som påverkar i kva grad vi som bispedøme vil kunne utføre vårt samfunnsoppdrag.

Folkekyrkja står sterkt, men er under press. Vi ser ei gradvis redusert oppslutning om nokre tiltak og om tradisjonen. Kyrkja er viktig for folk, men kyrkja er ikkje høgt på agendaen hos folk flest i det daglege. Likesæle, eller at ein tar kyrkja som sjølvsagt, er ei utfordring vi som kyrkje må ta på alvor. Det handlar om å ta det offentlege rommet og synleggjere kva kyrkja er, og kva kyrkja bidreg med i samfunnet.

Dei siste åra med pandemi har redusert dei gode vanane hos folk, dei gode opplevingane som bind folk til kyrkja og kyrkjelyden har vore delvis borte. Dette vil det ta tid å opparbeide igjen, særleg med tanke på barn og ungdom som har mista viktige møtepunkt med kyrkja, møtepunkt som skapar relasjonar.

Oppslutning om dåp, gravferd og konfirmasjon er det kritisk viktig å følgje med på, og å arbeide systematisk med. Dette handlar om teologi, og om praktiske ting som tilgjenge, men djupast sett handlar det om relasjonen medlemmane har til kyrkja, tradisjonen og trua.

Vi vurderer tilslutninga til konfirmasjonen som viktig både med tanke på gudstenesteliv og dåp. Vi følgjer nøye med på signala om noko lågare oppslutning. Strategisk satsing på kvalitet i konfirmasjonsundervisninga, mellom anna ved konfirmantleir, er vesentleg for å ha god oppslutning og godt omdømme i bispedømet. Dette er òg del av langsiktig satsing i forhold til dåp. Vi har tru for at ei god konfirmasjonstid aukar sjansen for at ein seinare vel å gifte seg kyrkjeleg, døype borna sine og søke kyrkja ved viktige hendingar.

Samla må vi i tida som kjem prioritere ressursane endå strammare. Det handlar om å gjere ein jobbanalyse på kva kompetanse ein treng no, meir enn kva ein har hatt før. Korleis vektar ein tid og tilbod innan undervisning, diaconi og gudstenester når ein må prioritere?

Kyrkjemøtet løfter opp undervisningsfeltet, og utfordrar på korleis ein tenker om dette. Undervisning er grunnleggande for at folk skal søke dåp eller gudstenester. Her vil ein i åra som kjem måtte lage gode strategiar lokalt. Ein må våge å sjå på dette med nye auge og med blikk for langsiktige løysningar. Bispedømet går inn i dette ut frå fleire perspektiv; arbeidsmiljø, rekruttering og forvaltning av ressursar.

Tillit og omdøme vert til i møtepunkta folk har med kyrkja. I kva grad ein føler at ein høyrer til, handlar om korleis ein blir møtt, om språk og haldningar. Desse møtepunkta handlar om det som skjer lokalt, men og om korleis ein møter kyrkja i det offentlege rommet, på sosiale medium og ulike plattformer. Det er difor viktig å prioritere godt arbeid med kommunikasjon og informasjon på alle nivå i kyrkja. Det er vesentleg å nå ut med alt det gode som skjer på ein slik måte at folk opplever å høyre til, og blir stolt av å høyre til. Bjørgvin har hatt nokre særlege utfordringar knytt til nokre av dei medarbeidarundersøkingane som har vore gjort i 2021. Bispedømerådet og biskop har gjort ulike tiltak over tid. Dette er eit langsiktig arbeid, der medarbeidarundersøkingane og medlemsundersøkinga gjev hjelp til å sette inn riktige tiltak.

2023 var prega av stor samhandling mellom nivåa i kyrkja. I samband med innsetjing av vår nye biskop vart soknerådsleiarar frå heile bispedømet inviterte og det var særskild program for dei. Sommaren og hausten reiste biskop Ragnhild til alle prosti og møtte dei tilsette for å bli kjent og lytta til dei tilsette sine forteljingar om arbeidet. Det var med på å binda

bispedømet saman og viktig for den kulturbygginga som må skje for at det skal vere god samhandling og organisasjonskultur i kyrkja. Ulike tilsette ved bispedømekontoret var med biskopen rundt og var aktive i soknerådkursa på hausten.

I ei tid der oppslutning om dåp, gudstenester og andre aktivitetar går ned, er det avgjerande at ein også vågar å satse på fordjuping. Det er òg potensiale for å nå ut til ei brei målgruppe ved å fokusere på stille, helse og allmenne ord som alle forstår. *Kyrkja opnar rom for tru. Kyrkja er der livet vert levd. Kyrkja er meir for fleire.*

Vi ser av medlemsundersøkinga at vi er ganske gode på følgje opp grøn gruppe (dei mest engasjerte), men vi har meir å hente på å lytte til gul gruppe. Kyrkja sin diakonale profil gjennom gode tiltak og stor grad av frivillig arbeid er noko mange lokale politikarar ser verdien av. I bispedømet sin strategi er frivillig teneste og kyrkja si rolle i lokalsamfunnet noko av det vi vil arbeide med å løfte fram og styrke.

I 2024 kjem det to store jubileum med Moster 2024 og jubileet rundt Magnus Lagabøtes landslov. 2023 var prega av arbeidet med å planlegga samlingar og utarbeide materiell i samband med dette, som vi håper kan nyttast i skule og i kyrkjeleg samanheng på landsplan. Det har blitt brukt ressursar på ein TV-produksjon "Hendelsen som forandret Norge" med tre Youtube-videoar på om lag 20 min kvar og undervisningsmateriell. Målet er å synleggjera dei kristne verdiane som ligg i endringa med kristen lovgjeving.

Det er godt samarbeid mellom dei ulike nivåa i bispedømet. Vidare arbeid med kyrkjeleg organisering må vere hensiktsmessig og understøtte at det er kvalitet i møtepunkta med medlemmane på alle nivå. Vi vurderer at det er knytt risiko både til manglende rekruttering av kyrkjelege tilsette og frivillige, redusert økonomi og uavklart organisering. Det er gjort tiltak for å redusere risiko, og vi ser at det å trygge tilsette inn mot dei endringane som kjem vil vere avgjerande.

Bjørgvin bispedøme sin strategi for perioden 2021-2024 samsvarar i stort med kyrkjemøtet sin nye strategi. Utrulling av strategien er eit samspel mellom å skape merksemrd lokalt og synleggjere handlingsrommet til at lokal kyrkja å bygge sine eigne årsplanar opp i tråd med denne.

# VI: Årsrekneskapen

---

## 6. 1 Leiingskommentarar

### Innleiing

Bjørgvin bispedømeråd er del av rettssubjektet Den norske kyrkja og dekkjer det nye Vestland fylke. Bispedømerådet er eit folkevald organ, valt etter reglar fastsett av Kyrkjemøtet. Rådet sitt formål er regulert i kyrkjeordninga for Den norske kyrkja §26: Bispedømerådet skal ha si merksemd på alt som kan gjerast for å vekkja og næra det kristelege liv i kyrkjelydane, og det skal fremja samarbeid mellom dei einskilde sokneråda og andre lokale arbeidsgrupper i bispedømet.

Det har blitt lagt ned stor innsats både frå prestar og administrativt tilsette for å gjennomføra lovpålagde oppgåver og realisera mål og strategiar som Kyrkjemøtet og bispedømerådet har vedteke. Trass i utfordringar med rekruttering har det vore forsvarleg geistleg betjening i alle sokn.

Bjørgvin bispedømeråd har for 2023 eit samla meirforbruk på kr 2 382 000. I prosentavvik innanfor 1-ein % av budsjettet. Fordelt på dei to budsjettgruppene er resultatet:

Gruppe 1 – drift, meirforbruk kr 1 866 035

Gruppe 2 – tilskot, meirforbruk kr 515 934

Meirforbruket vil bli gjort opp mot saldo i balansen (oppamla mindreforbruk). For Bjørgvin vil det betyr følgjande:

Gruppe 1 – drift, kr 1 739 000 i nedtrekk på tildelinga 2024.

Gruppe 2 – tilskot, inngående balancesaldo 2024 kr 786 000.

Meirforbruket på drift oppstod i all hovudsak 2.halvår. På inntektssida er det to tilhøve som gir negativt utslag. Det er eit gap på 2,2 millionar på NAV-refusjonar i 2023 mot 2022. Det er kun mottatt kr 250 000 frå Bergen kommune, mot budsjettet kr 750 000. På kostnadssida var beløpet for tilleggsløn større enn forventa.

### ANALYSE AV DRIFTA

Kommentar av avvik på kontoklassenivå, jfr vedlagt driftsrapport

#### 3xxx Inntekter, meirinntekt kr 445 000

Avviket skuldast at det i nokon tilfelle ikkje var budsjettert med inntekter. Dei vesentlege beløpa er tilskot frå Bergen kommune til bispeskiftet, kr 143 000, intern inntekt frå Bispemøtet til finansiering av «Veien til vigsling», kr 186 700.

#### 46xx Tilskudd, meirinntekt kr 897 000

Dette avviket gjeld utgifter av prosjektkarakter som i løpet av året er ført i driftsrekneskapen, men som ved årsslutt blir finansiert frå unytta midlar i gruppe 2 – tilskot.

Det gjeld:	Løn medarbeidar Sammen-prosjektet	kr 173 000
	Driftstilskot prosjekt St Jacob	kr 128 000
	KDB, driftstilskot	kr 250 000
	Tilskot kateket Årdal	kr 381 000

#### 5xxx Lønn og godtqjørelser, meirkostnad kr 1 143 000.

Den største overraskinga her er mindre sjukepengerefusjon enn forventa. I 2023 fekk Bjørgvin 2,2 millionar mindre sjukepengerefusjon enn året før. Controller har meddelt

stiftsdirektør og HR avviket, og tilrår nærmere analyse av samanhengen sjukefråværsprosent og sjukepengerefusjon. I år 2022 innførte staten auka sjukepengerefusjon grunna covid. Det var likevel ikkje forventa eit så stort avvik i 2023 som tala viser.

Dei historiske tala på NAV-refusjonar dei siste fire åra er som følgjer:

2020: kr 4 879 000

2021: kr 4 315 000

2022: kr 7 661 000

2023: kr 5 450 000

Bjørgvin har ikkje mottatt fullt oppgjer frå Bergen kommune for sjukeheimspresteteneste.

Bjørgvin har levert rapport for 2022 – grunna prestemangel er det levert færre tenester enn avtalt – anslag på uteståande er kr 600 – 650 000. Dersom nemnde to tilfelle – høgare sjukepengerefusjon og tilskot frå Bergen kommune – hadde skjedd, ville Bjørgvin gått i balanse for 2023 slik det er meddelt i rapporter siste halvår 2023.

#### 6xxx Andre driftskostnader, meirkostnad kr 526 000.

Her er det meirforbruk på nesten samtlige konti.

Konto 6790 – Kjøp av fremmede tjenester har det største avviket, kr 1 899 000. Av det beløpet gjeld kr 1 822 000 vikarbruk i presteskapet (enkeltpersonsforetak) som er budsjettert under løn. Budsjett 2024 er auka opp i denne kontgruppa.

#### 7xxx Andre driftskostnader, reiser, meirkostnad kr 1 538 000.

Køyte km pr år, statistikken viser:

År	Ant km (lønart 5520+21)	Herav el bil
2020	722 429	
2021	593 669	
2022	899 816	
2023	916 560	168 800

For 2023 har vi sett på køyregodtgjersle totalt, samt trekt ut kor mykje som gjeld el bil (5521). Antal køyte km har ikkje gått ned i 2023.

Mellom kontogruppe 6xxx og 7xxx kan det bli ubalanse mellom kvar utgifta er budsjettert og kvar den blir bokført. Mindreforbruket på konto 68xx – Møter, kurs, kr 2 256 000, er grunn til å anta det om. Det beløpet kan sjåast mot meirforbruket på reiser. Konto 7192 – Reise hotellutgifter viser kr 503 000. Meirforbruket på reiser blir då ca 1 million.

Det var ein heller stor auke i satsen på bilgodtgjersle frå januar 2023. Tilsvarande stor auke er det frå januar 2024. Det har samanheng med den generelt høge prisveksten.

#### **TILSKOT – gruppe 2**

Meirforbruk på tilskot, kr 515 934, er finansiert frå balancesaldo på gruppe 2.

Meirforbruk på tilskot skuldast at Bjørgvin ved årsslutt valde å finansiere prosjektrelaterte driftskostnader frå tilskot – gruppe 2, jfr omtale i avsnittet Analyse av drifta.

Inngåande balancesaldo 2024 for tilskot - gruppe 2 er kr 786 000.

Bjørgvin bispedømeråd vurderer eigen økonomistyring som god.



Jan Ove Fjellteit  
stiftsdirektør

## NØKKELTAL år 2023

### 270 Bjørgvin, totalt resultat – gruppe 1 og 2

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Avvik i %
Inntekter	-1 244 976	-799 000	445 976	56
Tilskudd mv	67 424 924	67 806 000	381 076	1
Lønn og godtgjørelser	152 575 652	151 432 000	-1 143 652	-1
Andre driftskostnader	18 324 369	16 259 000	-2 065 369	-13
<b>Sum</b>	<b>237 079 969</b>	<b>234 698 000</b>	<b>-2 381 969</b>	<b>-1</b>

Til samanlikning var det i 2022 eit meirforbruk på kr 1 060 000. I prosentavvik 0-null prosent.

### 270 Bjørgvin, total driftsrapport – utan tilskot

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Avvik i %
Inntekter	-1 244 976	-799 000	445 976	56
Tilskudd mv	-1 517 010	-620 000	897 010	145
Lønn og godtgjørelser	152 575 652	151 432 000	-1 143 652	-1
Andre driftskostnader	18 324 369	16 259 000	-2 065 369	-13
<b>Sum</b>	<b>168 138 035</b>	<b>166 272 000</b>	<b>-1 866 035</b>	<b>-1</b>

Til samanlikning var det i 2022 eit meirforbruk på kr 2 361 000, i prosentavvik 1-ein prosent.

### 270 000 Kyrkjeleg administrasjon

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Avvik i %
Inntekter	-824 860	-687 000	137 860	20
Tilskudd mv	-733 010	-620 000	113 010	18
Lønn og godtgjørelser	13 449 018	13 397 925	-51 093	0
Andre driftskostnader	6 342 553	7 552 000	1 209 447	16
<b>Sum</b>	<b>18 233 701</b>	<b>19 642 925</b>	<b>1 409 224</b>	<b>7</b>

Til samanlikning var det i 2022 eit meirforbruk på kr 1 321 000, i prosentavvik 7-sju prosent.

### 270 4000 Prestetenesta

	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Avvik i %
Inntekter	-420 116	-112 000	308 116	275
Tilskudd mv	-784 000		784 000	
Lønn og godtgjørelser	139 126 634	138 034 075	-1 092 559	-1
Andre driftskostnader	11 981 816	8 707 000	-3 274 816	-38
<b>Sum</b>	<b>149 904 333</b>	<b>146 629 075</b>	<b>-3 275 259</b>	<b>-2</b>

Til samanlikning var det i 2022 eit meirforbruk på kr 1 040 000, i prosentavvik 1-ein prosent. Som omtala under avsnittet Analyse av drifta har Bjørgvin her uteståande inntekter frå Bergen kommune, samt at det er rimeleg grunn til å anta at del av NAV-refusjon i januar 2024 (kr 300 000) skulle vert på 2023.

Felles økonomieining, Bergen, 13.02.24

Sofrid Rong

Controller